

# Kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune



**Rapport J. B. Jordal  
nr. 2-2005**

Utførande konsulent: Biolog John Bjarne Jordal 6610 Øksendal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@c2i.net	Medarbeidar: Dag Holtan Boks 3, 6249 Ørskog
Oppdragsgjevar: Ørskog kommune v/Toralv Klokkehaug, Ørskog interkommunale landsbrukskontor, 6240 Ørskog, tlf. 70 27 29 00	ISBN-nummer:  82-92647-02-3	År:  2005
<b>Referanse:</b> Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005: Kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 2-2005. 80 s.		
<b>Referat:</b> Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar, raudlisteartar og vilt i Ørskog kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 46 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. Det er gjort 61 funn av 18 raudlisteartar av lav, planter, sopp og virvellause dyr. I tillegg er finst det 12 hekkefuglar og 5 pattedyr som står på raudlista, totalt 35 kjente raudlisteartar. Det er laga ei oversikt over viltobservasjonar (m.a. hekkelokalitetar for meir uvanlege/interessante artar) i kommunen. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Sårbare viltopplysningar er utelett i rapporten. Ørskog sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane kulturlandskap med naturbeitemark og fleire små slåtteeuger med solblom, skog med edellauvskogar og gammal furuskog, dels med mykje barlind, og myr med ganske mange rikmyrer. Kommunen har viktige viltområde. Kommunen har 6 verneområde som er oppretta for å ta vare på dels fuglelivet og dels vegetasjon og planteliv.		
<b>Emneord:</b>		
Biologisk mangfald Planter Sopp Lav Amfibiar Pattedyr Fugl		Prioriterte naturtypar Havstrand Kulturlandskap Skog Ferskvatn/våtmark Myr Fjell
<b>Framsdebilete:</b> <i>Øvst til venste: Kulturlandskapet i Ørskog har framleis mange gode bestandar av solblom. Desse må anten beitat eller slåast, elles vil solblomen gradvis forsvinna. Her er ei solblomeng på Sollisetra. Innfelt: solblom med blåvinge.</i> <i>Øvst til høgre: Kvit skogfrue er ein vakker og sjeldan orkidé som er funnen eit par stader i Ørskog, i rik, solvarm skog, gjerne med furu og hassel. Kvit skogfrue er freda, og må ikkje plukkast eller gravast opp.</i> <i>Nedst til venstre: Prosjektet har vist at Ørskog kanskje er den kommunen på Sunnmøre som har flest rikmyrer, altså myr på kalkrik grunn. Dei finst mange stader i hellande terreng opp mot skogbandet, og har mange uvanlege planter, m.a. breiull og orkidéar.</i> <i>Nedst til høgre: Ein vakker plante på rikmyr i kommunen er orkidéen engmarihand.</i>  <i>Nærbiletet av solblom er tatt av John Bjarne Jordal ©, dei andre bileta er tatt av Dag Holtan ©.</i>		

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Ørskog kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd eigne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Ørskog kommune av biolog John Bjarne Jordal. Dag Holtan har samanstilt egne data og også utført ein del av feltarbeidet. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og intervju. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattarane ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 15.12.2004

John Bjarne Jordal  
prosjektansvarleg

# INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>6</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
BAKGRUNN .....	9
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	9
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD .....	9
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....	10
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....	11
FORMÅLET MED RAPPORTEN .....	11
NØKRE ORD OG UTTRYKK .....	11
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>13</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	13
VERDSETTING OG PRIORITERING .....	15
PRESENTASJON .....	17
<b>NATURGRUNNLAG</b> .....	<b>18</b>
HISTORIKK OMKRING UTFORSKINGA AV ØRSKOG-NATUREN .....	18
LANDSKAP M.M. ....	18
KLIMA .....	19
GEOLOGI .....	19
LAUSMASSAR .....	20
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING .....	20
<b>HOVEDNATURTYPAR</b> .....	<b>22</b>
HAVSTRAND/KYST .....	22
KULTURLANDSKAP .....	22
FERSKVATN .....	22
MYR .....	22
SKOG .....	22
BERG, RASMARK OG KANTKRATT .....	23
FJELL .....	23
<b>LOKALITETAR</b> .....	<b>24</b>
1 FREMSTE SKORKJA, VESTSIDA (RIK FJELLVEGETASJON) .....	24
2 HEIMSTE SKORKJA/SANDFJELLET, NORDAUSTSIDA (RIK FJELLVEGETASJON) .....	25
3 VAGSVIKFJELLET: GRYTALISÆTRA (NATURBEITEMARK) .....	26
4 VAGSVIKFJELLET: VED VAGSVIKELVA NORD FOR HJELLESETRA (RIKMYR) .....	26
5 VAGSVIKFJELLET: FREMSTEELVA MOT KJERSEMVATNET (MYR) .....	26
6 VAGSVIKFJELLET: VISETBOTNEN (RIKMYR) .....	27
7 VAGSVIKFJELLET: LØKEN (RIKMYR) .....	27
8 VAGSVIKFJELLET: SOLLISÆTRA (NATURBEITEMARK) .....	28
9 VAGSVIKFJELLET: VEST FOR SOLLISÆTRA (RIKMYR) .....	28
10 VAGSVIKFJELLET: SÆTERGROVA (RIKMYR) .....	29
11 VAGSVIKFJELLET: VESTREELVA (RIKMYR) .....	29
12 VAGSVIKA: HALLVARDSÆTERVATNET (FERSKVATN) .....	30
13 VAGSVIKA: DEKTENE (RIKMYR) .....	30
14 VAGSVIKA: ØVRE SOLLIA (SLÅTTEENGER) .....	31
15 VAGSVIKA: ØVRE SOLLIA, VESTRE DEL (SLÅTTEENGER) .....	31
16 VAGSVIKA: SOLLIA, AUSTRE DEL (SLÅTTEENGER) .....	32
17 VISET: ØGGARDEN (SLÅTTEENGER) .....	32
18 VAGSVIKA: HALSEN M.M. UTANFOR VISETTUNNELLEN (KALKSKOG, EDELLAUVSKOG) .....	33
19 VAGSVIKA: UTLØPET AV VAGSVIKELVA (BRAKKVASSDELTA) .....	33
20 STORFJORDEN: AMDAM NATURRESERVAT (EDELLAUVSKOG) .....	34
21 STORFJORDEN: AMDAM: BRATTEBAKKANE (SKOG) .....	35
22 STORFJORDEN: LISET: HØGHAUGEN (EDELLAUVSKOG, KYSTFURUSKOG) .....	35
23 STORFJORDEN: LISETVATNET (FERSKVATN) .....	36

24 STORFIJORDEN: LISET: BRUNA (KYSTFURUSKOG).....	36
25 STORFIJORDEN: GAUSNESET (KYSTFURUSKOG M.M.) .....	37
26 VESTRE: REMMINGSMYRA (RIKMYR).....	37
27 SJØHOLT: STORMYRA VED LISETSÆTRA (RIKMYR).....	38
28 SJØHOLT: STIGGROVA (RIKMYR) .....	38
29 SJØHOLT: BÅRDGJERDE, MARTINUSGARDEN (SLÅTTEENG) .....	39
30 SJØHOLT: LI (SLÅTTEENGER) .....	39
31 SJØHOLT: SJØHOLTIA NATURRESERVAT (EDELLOUVSKOG) .....	40
32 SJØHOLT: UTLØPET AV ØRSKOGELVA (HAVSTRAND).....	40
33 SJØHOLT: VEST FOR LIAFJELLET (KYSTFURUSKOG).....	41
34 SOLNØRDALEN: SOLNØRELVA, ENJAVATNET (FERSKVATN).....	41
35 SOLNØRDALEN: SØRAUST FOR DEKKJAVATNET (EDELLOUVSKOG) .....	42
36 SOLNØRDALEN: SOLNØRDALSIA (KYSTFURUSKOG) .....	42
37 SOLNØRDALEN: AUST FOR BARLINDHAUGEN (SLÅTTEENGER).....	43
38 SOLNØRDALEN: SØR FOR AKSLEVOLLVATNET (RIKMYR).....	43
39 SOLNØRDALEN: SÆTRELIA (KYSTFURUSKOG).....	44
40 SJØHOLTSETRANE (NATURBEITEMARK) .....	45
41 SOLNØRDALEN: KAMBEN/FURENAKKEN (BARLIND) .....	45
42 SOLNØRDALEN: LØKMYRANE (RIKMYR M.M.).....	45
43 ØRSKOGFJELLET: AUST FOR LØKELVA (RIKMYR) .....	46
44 SOLNØRDALEN: SVARTLØKEN (NATURBEITEMARK) .....	47
45 ØRSKOGFJELLET: MÅSLIA NATURRESERVAT (MYR).....	47
46 ØRSKOGFJELLET: VED KVANNDALSSÆTRA (RIKMYR) .....	48
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS.....	48
<b>VILTREGISTRERINGAR.....</b>	<b>50</b>
SJØHOLT: SKRÅVIKSKJERA.....	50
SOLNØRVIKA .....	50
SOLNØRVIKA: TENNHOLMEN .....	50
MEVATNET.....	50
AKSLEVOLLVATNET .....	51
SVARTLØKVATNET MED MYROMRÅDE.....	51
NYSETERVATNET NATURRESERVAT .....	51
<b>RAUDLISTEARTAR.....</b>	<b>53</b>
GENERELT .....	53
SOPP .....	57
LAV .....	57
PLANTER .....	57
VIRVELLAUSE DYR .....	57
FUGL OG PATTEDYR .....	57
<b>KUNNSKAPSSTATUS .....</b>	<b>58</b>
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET .....	58
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	58
<b>KJELDER.....</b>	<b>59</b>
GENERELL LITTERATUR.....	59
LITTERATUR SOM BERØRER ØRSKOG .....	60
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER .....	68
MUNNLEGE KJELDER.....	69
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>70</b>
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR .....	70
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR .....	75
LAVLISTER FOR LOKALITETAR .....	75
FUGLELISTE FOR ØRSKOG .....	76

# SAMANDRAG

## *Bakgrunn og formål*

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einsskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## *Metodikk*

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstillt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## *Historisk utforsking av Ørskog-naturen*

Rapporten har ein gjennomgang av litteratur om naturen i Ørskog frå opplysningstida på 1700-talet og fram til i dag. Mesteparten av kjeldene stammar frå tida etter 1970.

## *Naturgrunnlag*

Dei ulike naturtypane i Ørskog er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Ørskog er havstrand, kulturlandskap (særleg naturbeitemarker), myr og skog (særleg gråor-heggeskog og rik edellauvskog). Ørskog har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m.

## *Naturtypar i Ørskog*

*Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Ørskog fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig*

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>A</b>	<b>Myr (16 lok.)</b>				
A02	Intakt høgmyr		1		1
A03	Terrengdekkjande myr		1		1
A05	Rikmyr	3	12	1	16
<b>B</b>	<b>Rasmark, berg og kantkratt (3 lok.)</b>				
B01	Sørvende berg og rasmarker	3			3
<b>D</b>	<b>Kulturlandskap (xx lok.)</b>				
D01	Slåtteenger	4	2		6
D04	Naturbeitemark	1	1	3	5
D05	Hagemark		1		1

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>E</b>	<b>Ferskvatn/våtmark (xx lok.)</b>				
E03	Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti	1			1
E06	Viktige bekkedrag	1			1
E08	Rike kulturlandskapssjøar			1	1
E09	Dammar			1	1
<b>F</b>	<b>Skog (xx lok.)</b>				
F01	Rik edellauvskog	4	5		9
F03	Kalkskog	1			1
F06	Rikare sumpskog	1			1
F07	Gammal lauvskog			1	1
F08	Gammel barskog	1			1
F12	Kystfuruskog	3	4		7
<b>G</b>	<b>Havstrand/kyst (2 lok.)</b>				
G07	Brakkvassdelta		1	1	2
<b>Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori</b>		<b>16</b>	<b>22</b>	<b>8</b>	<b>46</b>

I tabell 1 går det fram at det i Ørskog er kjent 20 av dei 56 prioriterte naturtypene i DN-handboka. Dette er som forventet ut frå at Ørskog er ein liten fjord- og skog-kommune som også har litt fjell.

### **Viktige lokalitetar i Ørskog**

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjevne nummer frå 1 til 53.

Tabell 2. Viktige lokalitetar i Ørskog. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert reine viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl), som ikkje inngår i metoden med naturtypekartlegging (DN 1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Fremste Skorkja, vestsida	Kalkrike område i fjellet	A
2	Heimste Skorkja/Sandfjellet, nordaustsida	Kalkrike område i fjellet	A
3	Vagsvikfjellet: Grytalisetra	Naturbeitemark	C
4	Vagsvikfjellet: ved Vagsvikelva nord for Hjellesetra	Rikmyr m.m.	B
5	Vagsvikfjellet: Fremsteelva mot Kjersemvatnet	Rikmyr, høgmyr	B
6	Vagsvikfjellet: Visetbotnen	Rikmyr	B
7	Vagsvikfjellet: Løken	Rikmyr	A
8	Vagsvikfjellet: Sollisetra	Naturbeitemark	A
9	Vagsvikfjellet: vest for Sollisætra	Rikmyr	A
10	Vagsvikfjellet: Sætergrova	Rikmyr	B
11	Vagsvikfjellet: Vestreelva	Rikmyr	A
12	Vagsvika: Hallwardsætervatnet	Dammar	C
13	Vagsvika: Dektene	Rikmyr	C
14	Vagsvika: Øvre Sollia	Slåtteenger	A
15	Vagsvika: Øvre Sollia, vestre del	Slåtteenger, hagemark	B
16	Vagsvika: Sollia, austre del	Slåtteenger	A
17	Viset: Øggarden	Slåtteenger	A
18	Vagsvika: Halsen m.m. utanfor Visettunnellen	Rik edellauvskog, kalkskog, sørvendt berg og rasmark	A
19	Vagsvika: utløpet av Vagsvikelva	Brakkvassdelta	C
20	Storfjorden: Amdam naturreservat	Rik edellauvskog	B
21	Storfjorden: Amdam: Brattebakkane	Rik edellauvskog	B
22	Storfjorden: Liset: Høgghaugen	Rik edellauvskog, kystfuruskog	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
23	Storfjorden: Lisetvatnet	Rik kulturlandskapssjø	C
24	Storfjorden: Liset: Bruna	Kystfuruskog, rik edellauvskog	B
25	Storfjorden: Gausneset	Kystfuruskog, rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	A
26	Vestre: Remmingsmyra	Rikmyr	B
27	Sjøholt: Stormyra ved Lisetsætra	Rikmyr	B
28	Sjøholt: Stiggrova	Rikmyr	B
29	Sjøholt: Bårdsgjerde, Martinusgarden	Slåtteenger	A
30	Sjøholt: Li	Naturbeitemark	B
31	Sjøholt: Sjøholtlia naturreservat	Rik edellauvskog, rik sumpskog, sørvendt berg og rasmark	A
32	Sjøholt: utløpet av Ørskogelva	Brakkvassdelta	B
33	Sjøholt: vest for Liafjellet	Gammal barskog/kystfuruskog	A
34	Solnørdalen: Solnørelva, Engjvatnet	Kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti, viktig bekkedrag	A
35	Solnørdalen: søraust for Dekkjvatnet	Gammal lauvskog	C
36	Solnørdalen: Solnørdalslia	Kystfuruskog	B
37	Solnørdalen: aust for Barlinthaugen	Slåtteenger	B
38	Solnørdalen: sør for Akslevollvatnet	Rikmyr	B
39	Solnørdalen: Sætrelia	Kystfuruskog, rik edellauvskog	A
40	Sjøholtsetrane	Naturbeitemark	C
41	Solnørdalen: Kamben/Furenakken	Rik edellauvskog, kystfuruskog	B
42	Solnørdalen: Løkmyrane	Rikmyr m.m., viltområde	B
43	Ørskogfjellet: aust for Løkkelva	Rikmyr	B
44	Solnørdalen: Svartløken	Naturbeitemark	C
45	Ørskogfjellet: Måslia naturreservat	Rikmyr, terrengdekkjande myr	B
46	Ørskogfjellet: ved Kvanndalssætra	Rikmyr	B

### ***Raudlisteartar***

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 61 funn av 18 offisielle raudlisteartar av planter, mosar, sopp og blautdyr i Ørskog, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. 17 raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her.

### ***Kunnskapsstatus***

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står att å undersøkje litt myr, naturbeitemark. Kunnskapen om mange organismegrupper i Ørskog er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar må også supplerast med undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging.

### ***Litteratur***

Ein eigen litteraturliste er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Ørskog i denne basen ga 360 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

### ***Vedlegg***

I vedlegga er det presentert artslistar for einskildlokalitetar for planter, mosar og sopp.



# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre. Denne runden av kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2004.

## Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

## Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001b) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til lek, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

# Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

## *Fysiske inngrep*

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

## *Endra driftsformer i jordbruket*

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakkelegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapt naturtyper, m.a. slåtteeenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til buskmark eller skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane vil truleg ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). Område med biologisk verdifull myr har i noko grad vorte drenert og dyrka i løpet av 1900-talet. I dag er det stort sett stillstand i dyrkinga.

## *Spreiing av framande organismar*

Menneskeskapt spreiiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døyt ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

**Mink** er døme på ein art som er komen til og har spreid seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra. **Platanløn** er eit innført treslag som no spreier seg i lauvskog på eiga hand. Dette treslaget tek m.a. heilt overhand i Sjøholtlia.

## *Overhausting*

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

## *Forureining*

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk.

Langtransportert forureining har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogennedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing.

# Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

## *Verneområde*

Ørskog kommune har 6 verneområde i havstrand, ferskvatn/våtmark, edellauvskog og myr (ein bit av Solnørвика, ein del av Liafjellet, Sjøholtlia, Amdam, mesteparten av Nysetervatnet og ein del av Måslia). I tillegg er Solnørvasstraget verna mot visse typar inngrep. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

## *Resterande areal*

På dei resterande delene av arealet i kommunen er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han eksproprierer, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

## *Aktiv sikring*

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

## *Passiv sikring*

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

## *Grunneigaravtalar*

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

## *Virkemiddel i landbruket*

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå tilskot er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av kystlynghei, naturbeitemarker m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne.

## **Formålet med rapporten**

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## **Nokre ord og uttrykk**

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauvskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Ørskog er det alm, ask, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

**Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstillt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarkar
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Kartlegging av marine område og ferskvassfisk inngår ikkje i metodeopplegget.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

## *Litteratur*

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Ørskog. Underteikna har saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga ein litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune. Eit søk på Ørskog i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

## Oversikt over viktige litteraturkilder med kommentarar

Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Ørskog, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Bugge (1993)	Skildrar m.a. edellauvskogen i Sjøholtia
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar to sjøfuglområde i kommunen
Folkestad (1976)	Skildrar naturkvalitetar i Ørskog kommune
Folkestad (1977)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Fremstad & Elven (1997)	Omtalar platanlønn med utbreiingskart, også Ørskog er med
Fylkesmannen i MR (1986)	Myrområde med lokal/regional verdi.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (1999)	Naturbasen, utskrift for Ørskog m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Ørskog
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar
Gjærevoll (1960)	Omtalar ein botanikkekursjon til Ørskog og Haram i 1959
Gjærevoll (1990)	Utbreiingskart for fjellplanter, nokre artar også i Ørskog
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Ørskog
Gaarder & Jordal (2002)	Omtalar Visetområdet i samband med planer om steinbrot
Gaarder & Melby (2001)	Oppsummerer kunnskapen om det verna Solnørvassdraget, med noko ny kunnskap
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Ørskog
Holmboe (1914)	Skildrar utbreiinga av kristtorn på Vestlandet, m.a. Lisetvika i Ørskog
Holtan (1995)	Presentasjon av fuglefaunaen i Ørskog
Holtan (2001)	Detaljert gjennomgang av barlind i Møre og Romsdal
Holten m. fl. (1986b)	Omtalar fleire strandområde
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Ørskog
Jordal & Gaarder (1997)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Korsmo & Svalastog (1997)	Rapport om verdifulle barskogsområde, m.a. Liafjellet
Lindmo m. fl. (1991)	Omtalar kristtornlokaliteten på Amdam som no er verna
Mathiesen (1961)	Omtalar myggblom, fuglereir, nøkkesiv, blystorr og kvit skogfrue dels i Ørskog og dels i nabokommunane
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, m. a. Måslia som no er reservat
Nordhagen (1968, 1976)	Skildrar botaniske befaringar i Lauparen-området, dels i Ørskog
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos, nemner Solnørvika
Røsberg (1974)	Undersøkte fleire skogområde i kommunen
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing
Vold (1953)	Botaniske undersøkingar 1942-44 i fjellområda frå Haram til Romsdalen, i Ørskog var han på Næremstinden og Lauparen

### Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Dei ulike musea sine eigne plantedatabasar har kome til nytte via eit prosjekt om regionalt sjeldne planter (Gaarder & Jordal 2003).

### Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Ørskog. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

## ***Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen***

Dag Holtan har i mange år kartlagt fugleliv og anna biologisk mangfald i kommunen (t.d. Holtan 1988, 1994, 1995, 1997a-c, 2001a-c). I 1997 har den eine av forfattarane (J. B. Jordal) saman med Geir Gaarder undersøkt fleire kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1997). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Ørskog. Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Særleg interessante funn er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

## ***Artsbestemming og dokumentasjon***

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999). Særleg interessante funn (planter, sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

## **Verdsetting og prioritering**

### ***Generelt***

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

### ***Kriteriar og kategoriar***

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

### ***Avvik frå DN-handboka i denne rapporten***

For det første har vi brukt ein naturtype som ikkje er omtala i DN-handboka, nemleg Berg/rasmark: nordvendte kystberg (Gaarder m. fl. 2001), denne er nærare skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypene lenger bak.

Rapportforfattarane er vidare usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriterier gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane vert sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner underteikna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. almlindskog) og/eller raudlisteartar i høgare kategori (E eller V)
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar, raudlisteartar i lågare kategori (DC, DM, R)
- C (lokalt viktig)** mindre velutvikla skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt atgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

## ***Viltlokalitetar***

Dette prosjektet har og omfatta midlar til viltkartlegging, som er nytta til ei oppdatering av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt viltkart. Storvilt er ikkje prioritert i denne omgang, sidan kunnskapen om dette i stor grad sit lokalt. Innsamling av data om hekkeområde for t. d. sjøfugl og rovfugl er prioriterte i prosjektet. Elles er viktige overvintringsområde for sjøfugl med. Ein viser til handbok i viltkartlegging (DN 1996). Noko nytt viltkart er ikkje eit siktemål i denne omgang. Ein har derfor ikkje foretatt vektning av viltdata og avgrensing av nye område. Det viktigaste er å ta vare på ny informasjon om vilt ved å oppdatera oversikta over viltobservasjonar (ikkje presentert i rapport) og laga eit skriftleg oversyn over gamle og nye viltområde.

## ***Område med dårlege data eller usikker status***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

## ***Bruk av truga vegetasjonstypar***

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

## ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til opprinsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det opprinsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.



Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihand  
Rik fjellvegetasjon: raudsildre, gulsildre, fjellsmelle, fjelltistel, rukkevier, reinrose  
Rikmyr: breiull, engmarihand, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr, stortviblad  
Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

## **Presentasjon**

### ***Generelt***

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Ørskognaturen og om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Deretter kjem betraktningar omkring kvaliteten på datagrunnlaget etter den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Ørskog og ulike artslistar. Dette er plante-, lav- og sopplister frå einskildlokalitetar, og fugleliste for heile kommunen. Lavlistene stammar særleg frå undersøking av bergveggar og skog. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av skog og kulturlandskap, i første rekkje naturbeitemark.

### ***Områdeskildringar***

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigarar ikkje har planer om noko slikt.

### ***Kartavgrensing***

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlett til kommunen. Karta er digitalisert av Møre og Romsdal fylke våren 2005. Avgrensingane vert ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ved tilgang på digitalt kartgrunnlag ville ein kunne plassera ein del ting meir nøyaktig med utgangspunkt i GPS-målingane som er gjort. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

# NATURGRUNNLAG

## Historikk omkring utforskinga av Ørskog-naturen

Dei truleg første skriftlege skildringane av Ørskog-naturen er frå siste halvdel av 1700-talet (eit problem for tolkinga er det sjølvstapt at kommunegrensene ikkje var dei same som i dag). Her er det opplysningspresten Hans Strøm som er viktigast, men og biskop Gunnerus har ein del opplysningar (Flora Norvegica, 1772). Jord og skog var også eit tema på 1800-talet, m.a. Schiøtz (1871) "Om Skovforholdene i Romsdals Amt" og Helland (1895) "Jordbunden i Romsdals Amt". På slutten av 1800-talet skreiv statsentomolog W. M. Schøyen m. a. om sommarfuglane i Møre og Romsdal (1883) og om augnestikkarane i Noreg (1887), med einskilde data frå Ørskog. På slutten av 1800-talet og først på 1900-talet kjem dei første moderne fiskebiologane, m. a. J. O. Simonnæs sine skildringar av Solnørelva i 1906. Dette var handskrivne skildringar av vassdraga etter ein fast mal, og dei finst i fiskearkivet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

I 1911 kom A. Helland si monumentale "Topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals Amt" med ein del informasjon om Ørskog-naturen. Holmboe (1914) gjekk detaljert gjennom utbreiinga til kristtorn i Noreg. Frå Ørskog nemner han "3 store trær paa gaarden Lindsetvik [Lisetvik]". Først på 1900-talet kom også spreidde data om mosefloraen i Ørskog.

Så finn ein berre mindre vesentlege kjelder fram til 1940-talet. I 1941 publiserte Johannes Lid ein artikkel om Ivar Aasen sitt herbarium, med mykje materiale frå Ørskog/Skodje, men for det meste dårleg stadfesta. Heltzen & Nordhagen (1944) rapporterte om eit oppsiktsvekkjande funn av stivildre frå Lauparen-området. I ei hovudoppgave ved NLH (Bundli 1952) vart kunnskapen fram til da om barlind på Sunnmøre oppsummert.

Gjærevoll (1960) skriv om den første ekskursjonen i regi av Norsk Botanisk Forening til området, med funn i Ørskog av typiske myrplanter som nøkkesiv og myrkråkefot. Same år publiserte Knut Fægri det kjente verket om kystplantane i Noreg, som også har ein del informasjon frå Ørskog. Mathiesen (1961) publiserte nokre sjeldne plantefunn frå kommunen. Han var sorenskrivar i Ålesund ei tid, og ein ivrig amatørbotanikar som gjorde mange viktige funn, særleg på myr. I 1963 kom Alv Ottar Folkestad med dei første moderne fugleobservasjonane som er rapporterte frå kommunen (dei første bortsett frå Strøm var truleg Collett 1894 som nemnde m. a. vassrikse og åkerrikse frå kommunen). I 1969 kom Per Størmer med ei avhandling om mosar med ei sørleg og vestleg utbreiing i Noreg, der det også var med einskilde funn frå Ørskog. Utover 1970-talet var litteraturen om Ørskog-naturen dominert av fugl, særleg i tidsskriftet Rallus.

Røsberg (1974), Korsmo (1975, 1976), og Lygren (1975) gjorde fleire registreringar av potensielt verneverdige naturområde i samband med at Miljøverndepartementet vart oppretta og starta "Landsplan for verneverdige områder og forekomster". Botanikaren Asbjørn Moen starta arbeidet med kartlegging av verdifulle myrområde (1975) som vart fullført 9 år seinare (Moen 1984). I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar om område av interesse for friluftsliv og naturvern i fylket, såleis også ein rapport som omhandla Ørskog. Dette er den første samla framstillinga av verdifull natur i kommunen.

Utover 1980-talet auka talet på titlar sterkt, om tema som ferskvassbiologi, botanikk, fugl osv., og det fører for langt å gå i detalj her. I 1986 kom rapporten om verdifulle strandområde i Møre og Romsdal (Holten m. fl. 1986), der også lokalitetar i Ørskog vart skildra. I 1993 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for edellauvskog i fylket, (Bugge 1993). I 1996 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for havstrand og elveosar i fylket, der ein av lokalitetane var Solnørvika i Skodje og Ørskog. På 90-talet fekk vi også fagrapportar om barskog og verneplan for det same (Moe m. fl. 1992, Korsmo & Svalastog 1997). Melby & Gaarder (2001) samanstilte eksisterande og ny kunnskap om Solnørvassdraget. Holtan (2001) kom med ei oppsummering om barlind på Sunnmøre med ein del nye lokalitetar. Av relevans for dette prosjektet er det elles at Fylkesmannen har gjeve ut ein samler rapport om registreringar av verdifulle kulturlandskap (Jordal & Gaarder 1999) og ein om raudlisteartar (Gaarder & Jordal 2001). Elles har det i løpet av 80- og 90-talet kome ei rekkje publikasjonar om ferskvassfisk, geologi, marinbiologi, og slike som nemner Ørskog i forbifarten anten det er omtale av særskilte pattedyr, fuglar, planter, mosar eller liknande.

## Landskap m.m.

Ørskog er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Fastlandsarealet er oppgjeve til 130,2 km<sup>2</sup>, noko som gjer Ørskog til ein av dei mindre kommunane i fylket, med 0,9% av arealet. Spennvidda i naturtypar er stor, frå djup fjord via grunner, holmar, skjær, strandberg, strender,

jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit svært så alpint preg. I ytre deler er landskapet prega av avrunda åsar og mindre fjell, medan indre deler dels har høge fjell og kvasse tindar. Etter siste istida vart Ørskog isfri for rundt 12000 år sidan (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 50-60 meter (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3).

Tabell 4. Nokre geografiske data for Ørskog kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Ørskog kommune.

Parameter	Verdi
Areal (fastland)	130,2 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	0,9 %
Skogareal	72 km <sup>2</sup>
Myrareal	5 km <sup>2</sup>
Høgaste punkt	1434 m o. h. (Lauparen)
Største havdjup	684 m (Storfjorden ved Vagsvika)
Strandlinje	fastland: 18,7 km, øyar 1,8 km
Talet på øyar	3 (0,1 km <sup>2</sup> )
Talet på ferskvatn (samla areal)	49 (totalt 3,2 km <sup>2</sup> )
Areal 0-150 m o.h.	15,5%
Areal 150-300 m o.h.	23,0%
Areal 300-600 m o.h.	43,1%
Areal 600-900 m o.h.	14,0%
Areal >900 m o.h.	4,5%

## Klima

Klimaet i Ørskog varierer truleg ein del frå ytre/nordre deler mot Tomrefjorden til indre dalstrok mot fjellet, sjølv om også Vagsvikfjellet har eit klart kystpreg. I det store og heile er klimaet nokså kystprega (oseanisk). Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er milde vintrar og relativt liten skilnad på sommar- og vintertemperatur. På verstasjonane på Sjøholt ligg temperaturen litt over 0°C som gjennomsnitt for januar, og dette er faktisk om lag det same som fleire stasjonar på ytterkysten. Gjennomsnittstemperatur for juli-august er så vidt over 13°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør 1600 mm er ganske mykje). Berre 3 av månadene har under 100 mm nedbør. Det er også hyppig nedbør, >220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året i ytre/nordvestre deler, ned mot 190 dagar i indre deler. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjonen og floraen i kommunen viser òg også mange oseaniske trekk, ved at ei rekkje kystplanter er vanlege over det meste av kommunen, også på Vagsvikfjellet.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Ørskog i perioden 1961 – 1990. Kjelde:

[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60805	Ørskog - Sjøholt	20	0,4	0,6	2,2	4,5	9,2	12,0	13,2	13,3	10,1	7,5	3,1	1,2	6,4

Tabell 6. Nedbørnormalar for Ørskog i perioden 1961 – 1990. Kjelde:

[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60800	Ørskog	4	137	117	118	97	73	75	102	117	197	191	172	190	1586
60805	Ørskog - Sjøholt	20	138	117	119	97	73	75	102	117	198	191	173	190	1590

## Geologi

Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for området (Tveten m. fl. 1998). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Ørskog. Likevel er det ein del rikmyrer i skoggrenseneivå, dels med engmarihand og liknande kravfulle artar. Bakgrunnen for dette kan vera lokale område med rikare berggrunn. Inn mot Lauparen finst parti med kambrosilur-bergartar som gjev grunnlag for eit jordsmonn med høg pH og kalkkrevande planter. Ei av dei mest eksklusive plantene i kommunen er stivildre som finst i dette området.

## Lausmassar

Viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida, og desse finst over mesteparten av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst langs Ørskogelva og Solnørelva. Marine strandavsetningar finst særleg ved Sjøholt, Amdam og Vagsvika. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike finst m.a. ved Svartløkvatnet og på Ørskogfjellet og Vagsvikfjellet.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Ørskog høyrer her til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrokk.

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Ørskog tilhøyrer i denne samanheng dels region 21 (Vestlandets ytre fjordbygder, nordvestlege deler av kommunen), dels region 22 (Vestlandets midtre fjordbygder, søraustlege deler av kommunen).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgaltin sone)

*Vegetasjonen i Ørskog fordeler seg på omtrent alle sonene. Det meste av bygdene og jordbruksområda tilhøyrer den sørboreale sonen. Dei varme liene ned mot Storfjorden tilhøyrer den mest varmekjære sonen, boreonemoral sone. Høgareliggjande skogområde tilhøyrer mellom- og nordboreal sone. Fjellområda tilhøyrer den alpine sonen (Moen 1998 s.94).*

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen vert delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkessamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nesset og Rauma.

*Vegetasjonen i Ørskog tilhøyrer for det meste klart oseanisk seksjon (O2), men nordlege og høgareliggjande deler på Ørskogfjellet tilhøyrer sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998, s. 126).*

# HOVEDNATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Ørskog, vert omtala nedanfor.

## Havstrand/kyst

Ørskog ligg i Storfjorden og er ein fjord- og fjellkommune. Heile kommunen består av fastland med ei strandline på vel 20 km. Langs mesteparten av denne strandlina er terrenget nokså bratt, og lausmassar er vaska vekk, slik at ein får strandberg. Strandberg skal berre registrerast som prioritert naturtype dersom dei er kalkrike, og det har vi ikkje funne til no. Der Ørskogselva renn ut er hellingsvinkelen der hav og land møtest låg, og her er det meir strandflater med litt finkorna masse, og litt strandenger. Like eins får Ørskog ein snipp av verneområdet i Solnørsvika, som og er eit lite elveutløp med strandenger og gruntvassområde.

## Kulturlandskap

Jordbruket i kyst- og fjordstroka har ei historie som strekkjer seg meir enn 4000 år attende. Jordbruket i Ørskog er sikkert også svært gammalt.

Lang kontinuitet i slått og beiting gjev tilhøve for mange beiteavhengige artar, særleg av planter og sopp. Desse er likevel svært vare for teknikkar i det moderne jordbruket, som oppdyrking, pløying, gjødsling og innsåing av innkjøpt frøvare. Mykje tidlegare udyrka eller overflatedyrka natureng vart fulldyrka etter 1900. Det som i dag er mest artsrikt, er gamle beitemarker og slåtteenger som ikkje har vore oppdyrka og helst lite gjødsla. Desse finst no nokså spreidd rundt i kommunen. Ein del av desse lokalitetane har framleis gode bestandar av solblom og kvitkurle, som begge står på raudlista. Ørskog er saman med resten av kommunane på Nordre Sunnmøre eit svært viktig område for desse artane. Dessverre går det attende med både husdyrhaldet og småskalajordbruket, og mange av dei attverande lokalitetane gror no att.

Mange av gardane hadde setrar. Desse er i dag nedlagt og delvis attgrodd, men fleire har framleis eit interessant mangfald og er omtala i rapporten.

## Ferskvatn

Dei fleste ferskvatna i Ørskog ligg i fjellet, og er næringsfattige. Einaste typen som kan vera aktuell i fjellet, er naturleg fisketomme vatn, men denne typen er det ikkje lagt vekt på å undersøka. I låglandet er det mest lokalitetar i tilknytning til Solnørvassdraget som er aktuelle, dessutan Lisetvatnet og Hallvardsætervatnet (Viset). Solnørelva inneheld viktige ferskvasslokalitetar med meanderande elv, sumpar, ferskvatn og kantvegetasjon, dels med raudlisteartar som kongeaugestikkar og elvemusling. Vegetasjonen langs Solnørelva er tidlegare undersøkt og skildra av Melby & Gaarder (2001).

## Myr

Det er oppgjeve at Ørskog skal ha 5 km<sup>2</sup> myr. Desse førekjem i høgareliggjande område. Dei største områda ligg på Ørskogfjellet/Svartløken og Vagsvikfjellet, men det finst og ein del mindre område elles. Mykje er nedbørsmyr/fukthei og fattigmyr, men Ørskog har forunderleg mange rikmyrlokalitetar, særleg i skoggrensena. Fleire av desse var overraskande artsrike, og delvis med store bestandar av engmarihand og andre artar som er uvanlege eller sjeldne på Sunnmøre.

## Skog

Skogarealet (all skog) er oppgjeve til 72 km<sup>2</sup> av Statistisk sentralbyrå (2001). Dette er dels lauvskog, men og ein del furuskog. Noko av furuskogen verkar i dag ganske gammel med innslag av gadd og einskilde læger (m.a. Liafjellet). Furuskogen ved Viset (utsida av Visettunellen) er stadvis kalkrik og svært artsrik. Fleire av furuskogsområda i kommunen har bra innslag av barlind, som her nærmar seg nordgrensa si. Elles er det jamt med edellauvskog i lågtliggjande og soleksponerte lier, særleg med mykje hassel, men og med innslag av alm. Typen finst særleg rundt Sjøholt (m.a. Sjøholtlia) og ved Viset. I denne typen er det funne ei rekkje kravfulle og interessante artar, m.a. raudlisteartar av sopp. I området Lisetvik-Amdam finst innslag av kristtorn i skogen, og sjølv om denne delvis kan ha spreidd seg frå hagar med fugl, er det rapportert kristtorn heilt tilbake til 1700-talet (Holmboe 1914). Sumpskog med svartor finst fleire stader, m.a. langs strendene. Tidlegare har nok skogen stadvis vore utnytta hardare enn i dag.

## **Berg, rasmark og kantkratt**

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Ørskog kommune har ein god del fjell, og dermed også ein del berg og rasmark. Dei prioriterte naturtypane sørvendt berg og rasmark, og kantkratt, finst i mosaikk med hasselskog i lågareliggjande sør- til vestvendte fjellsider, og som større rasenger, berg og steinur i og under fjella. Det er ikkje prioritert å få med alle dei lokalitetane som kunne ha vore aktuelle, men nokre viktige er kartlagte.

## **Fjell**

Ørskog har ganske mykje fjell, særleg inn mot fjellmassivet Lauparen. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype her er kalkrike område i fjellet, og det er det litt av i kambrosilurområda rundt Fremste og Heimste Skorkja. Både Dag Holtan og Stein Erik Busengdal har siste åra framskaffa ny kunnskap i høve til tidlegare undersøkingar av Nordhagen (1968, 1976). Her finst det til dels interessant fjellflora, og stivsildra er vel den mest spesielle arten.

# LOKALITETAR

Databasen over verdifulle naturområde i Ørskog kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 46 lokalitetar. Rundt 18 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei andre har kome fram gjennom dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore heilt ukjente fram til no.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi.

Følgjande forkortingar er nytta: AAF=Arne A. Frisvoll, AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, PL=Perry Larsen, SEB=Stein Erik Busengdal, TCM=Tore C. Michaelsen.

## 1 Fremste Skorkja, vestsida (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-1
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 00 22-23
<b>Høgde over havet:</b>	840-1300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Plukking/oppgraving av sjeldne fjellplanter
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Juli 1941, A. M. Heltzen, 29.07.1944, Rolf Nordhagen (Heltzen & Nordhagen 1944, Nordhagen 1968, 1976), 27.07 og 31.07.2002, DH, 05.10.2001, 03.07.2003, 09.07 og 08.08.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* (skrive dels av DH, dels av SEB) Fremste Skorka (ifølgje Nordhagen 1976 eit nylaga namn på noko som skulle heite Litleskorkja) er ein av toppane i Lauparen-massivet, sør for Grytavatnet, på kartet står og Litlebotnstinden. Det avgrensa området er ei bratt, sørvest- og vestvendt fjellskråning over skoggrensa med funn av m.a. stivildre. Nordhagen meinte berggrunnen var gabbro eller olivingabbro (etter Tveten m.fl. 1998 er her m.a. glimmerskifer, glimmergneis og kan hende amfibolitt). Ei større olivinblokk ligg ved ein bekk i sør. Ein finn fleire rikare sig på skifrig glimmergneisgrunn i søkk og gjøl mellom fleire aust-vestgåande fjellkammar av hard gneis. Kammane har truleg gjeve både dette fjellet og dei fire andre Skorkjene i fjellområdet namnet sitt. Blokkmark går fleire stader ned til 900 m h. På platået ein mosaikk av toppsand og blokkmark, som her har relativt rikeleg med sterkt krystallisert, hard marmor i seg. Spesielt problem: Saman med Lauparen vart Litleskorkja av professor Nordhagen (1976) slått saman til eit undersøkingsområde i Tresfjord/Ørskog/Stordalsfjella, som han kalla LN (= Lauparenmassivet). I rapporten "Flora og vegetasjon i Stordalsvassdraget på Sunnmøre" vart undersøkingsområde 11 (Lauparen/Litleskorkja) av professor Skogen utnemnd til eit fjellplantesenter med "en særstilling i Romsdalsfjellene". Problemet med LN-omgrepet til Nordhagen og også område 11 til Skogen & Odland (1989) er at ei rekkje funn frå Heimste Skorkja og fleire andre fjellsider i området har blitt innlemma i LN-sekken, noko som har gjort det vanskeleg i ettertid å gå funna deira nøyte etter i saumane. Dessutan har begge undersøkjarane i mindre grad undersøkt fjella vest og aust om LN-massivet og difor bae konkludert om denne særstillinga som rik plantelokalitet på noko sviktande grunnlag. For å råde noko bot på dette og isolere kvar fjellside/lokalitet for seg har ein no m.a. til denne rapporten i detalj kartlagt vestsida av Fremste Skorkja og separat den næraste delen av nordskrenten til Sandegga like sør om bekken som dannar skiljet mellom dei to fjella.

*Vegetasjon:* Ulike utformingar av rik fjellvegetasjon frå rabb til snøleie.

*Kulturpåverknad:* Ubetydeleg.

*Artsfunn:* (Dag Holtan:) Mest interessant er funn av den sjeldne, kalk- og fuktkrevande fjellplanten stivildre, som her har ein vestleg utpostlokalitet ca. 1225-1250 m o.h. i bratt sørvesthelling (ca. 40 grader). Nordhagen (1976) har tre ruteanalysar à 1 m<sup>2</sup> som viser ein variert flora med 25 planteartar. Mellom desse var fjellkattfot, svarttopp, svartstorr, fjellarve, grønkurle, snøbakkestjerne, fjellrapp, gullmyrklegg, flekkmure, rukkevier, fjelltistel, raudsildre, rosenrot og fjellsmelle. Nye artar i 2002 (DH) var m.a. dvergjamne og taggbregne. Mot toppen var det mindre rikt, med meir typisk høgfjellsflora som mjukrapp, dvergssoleie, høgfjellskarse, svartaks, bekkesildre, moselyng, rabbesiv og issoleie. Elles finst det eit dårleg stadfesta kollekt av raudlistearten kvitkurle frå Lauparen-området. Rykte går ut på at også lapprose finst i Lauparenområdet (Nordhagen 1968), men dette har ikkje late seg stadfesta. S. E. Busengdal skriv følgjande frå sine turar: På rikflekken om lag 1260 m o.h. vaks 03.07.2003 tretti stivildrer. Dominerande i same feltet var fjellsmelle, fjellkrekling, harerug, fjelltistel og rukkevier. Andre artar med lågare tettleik var m.a. aksfrytle, blålyng, blåtopp, fjellarve, fjellgulaks, fjellkattfot,



fjellrapp, fjellveronika, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, moselyng, musøyre, rabbesiv, raudsildre, snøbakkestjerne, svarttopp og tytebær. Lågare i vestsida av Litleskorkja er i tillegg til dei oppomnemnde funne m.a. bleikmyrklegg, fjellpryd, gulsildre, slirestorr, svartstorr og taggbregne. På olivingrus veks m.a. grønburkne, bekkesildre og tuvearve, og for den siste er dette ein interessant utpostlokalitet mot vest. På sørsida av bekken, i den rikare bergskrenten i Sandegga veks det godt med reinrose over knapt hundre kvm dels tørt saman med bergstorr, fjellsmelle, geitsvingel og heigråmose, og dels fuktigare saman med m.a. bjønnbrodd, dvergjamne, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, lauvtistel, raudsildre, rukkevier, slirestorr, snøbakkestjerne, svartstorr, svarttopp og vardefrytle. Fleire av desse kravfulle artene måtte ein leite forgjeves etter i vestsida av Litleskorkja, men trass i betre grunn og meir sigevatntilførsle i desse bratte skrentane enn i Litleskorkja vantar framleis fleire kravfulle fjellplanter som er funne dels i Heimste Skorkja, dels heilt vest til Varden. I høgstaudeenga i 865 m o.h. finn ein m.a. fjellkvann, turt, gulsildre og fjellstorr, men ikkje sotstorr, som Nordhagen meinte var funne der. Bortsett frå bjønnekam, som finst heilt opp til 1210 m h, vantar fjellsida heilt kystplanter.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) mest på grunn av førekomsten av den sjeldne stivsildra, som er ein del av ein større lokalitet med meir eller mindre rik fjellvegetasjon. Litleskorkja er likevel eit fattigare fjellplantefjell enn Sandfjellet/Heimste Skorkja og fjella kring Kleivabotn i Stordal.

### Skjøtsel og omsyn

Stivsildra er fåtalig og må ikkje plukkast.

## 2 Heimste Skorkja/Sandfjellet, nordaustsida (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-2
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	LQ 988-994 222-232
<b>Høgde over havet:</b>	600-1100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Plukking av stivsildre
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.09.2001, 22.05.02002, 18.05, 22.06, 29.06, 04.07, 08.08 og 19.08.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg inntil kommunegrensa til Stordal og omfattar nord- og nordaustsida av Sandfjellet medrekna litt rikare flora kring ein bekk ved fjellfoten i nordaust.

*Vegetasjon:* På nordaustsida er det rik reinrosehei på ei rekkje hyller i den stupbratte fjellsida, der fleire parallelle kalkrike glimmergneisstrøk over ei strekkje på godt 500 m i dette brattlendet er utsett for stadig frostsprenging, sterk rasaktivitet både vinter/vår og haust og mange stader med rikeleg sigevatt i sprekkar og smågjøl og all denne geologiske aktiviteten frigjer stadig ny kalk til mineraljorda på hyller og sva og gir næring til ein langt rikare fjellflora enn på same grunn i vestsida. På mange rabbar/hyller fattigare greplyngheier med eit rikt innslag av fjellpryd. Bratte engsnøleier på bratte sva på kalkrik grunn, der sauer kan nå til å beite. I fleire gjøl rike høgstaudeenger. Nedom urda, ved fjellfoten m.a. blankstorrmyr.

*Kulturpåverknad:* Særskilt i dei rike skrea i nordaustsida beiter det alltid sau i beitesesongen.

*Artsfunn:* I nordaustsida finn ein i reinrosehei m.a. fjellkvitkurle, ein kravfull fjellorkidè, som berre finst i Skandinavia og på Island. Vel så interessant er eit funn av 11 planter av stivsildre i sprekkar og på smale hyller i ein dels vertikal, fuktig bergvegg med stort overheng. Her veks plantene dels åleine i bergsprekker, og dels saman med grannsildre, gulsildre, fjellkvann, fjellsyre, raudsildre, tettegras og skortejuvmose. Stivsildra har i det fyrre hundreåret vore sterkt framme i diskusjonen om fjellplantene si forhistorie på m.a. Mørkysten i siste istid, og professor Rolf Nordhagen var difor på førti og sekstialet fleire gongar til Stordalsfjella på leiting etter nye førekomstar av stivsildra, som sidan 1941 har hatt ein nokså isolert kjend vestleg skandinavisk utpost i Fremste Skorkja. Men med denne nye lokaliteten i Heimste Skorkja/Sandfjellet kan ein flytte den lokale vestgrensa 2,5 km nærare Storfjorden. I same berget veks også grannsildre og bekkesildre, som her har lokale utpostlokalitetar mot kysten. Elles veks i nordsida m.a. bergstorr, bjønnbrodd, blankstorr, brudespore, dvergjamne, engsoleie, fjellarve, fjellfrøstjerne, fjellkattefot, fjellkvann, fjell-løvetann, fjellpryd, fjellskrinneblom, fjellsmelle, fjelltimotei, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, hårstorr, jåblom, lauvtistel, raudsildre, rukkevier, skjørlok, skogstorknebb, snøbakkestjerne, svartstorr, taggbregne og tiriltunge. Av fugl er observert syngande ringtrast, snøsporv med ungar, lirype, fjellrype med ungekull, bergirisk, steinskvettungar og varslande heipipelerke.

*Verdsetting:* Lokaliteten vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av rik fjellvegetasjon med stivsildre på ein vestleg utpostlokalitet. Dessutan har fjellkvitkurle, grannsildre og tvillingsiv utpostlokalitetar og fjellet ei rik reinrosehei.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å la sjeldne fjellplanter vera i fred.

### 3 Vagsvikfjellet: Grytalisetra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-3
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 978 254
<b>Høgde over havet:</b>	380-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997, 1999)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Setrane ligg i svakt skrånande terreng under Grytalia og Blåfjellet på Vagsvikfjellet. Eit område rundt setra er skoglaust, med ein del myrlendt terreng. Lenger unna er terrenget skogdekt, og skogen går opp til 6-700 m.

*Vegetasjon:* For det meste frisk fattigeng (G4) og fuktengtypar med overgang mot fattigmyr. På vollen er det ein del einer. Vegetasjonen var artsfattig, kalkfattig og med eit visst kystpreg.

*Kulturpåverknad:* Marka var beita av hest, sau og storfe (1995). Det meste er udyrka.

*Artsfunn:* Det vart funne berre 18 planteartar, av desse 7 naturengartar. Heisiv, kystgrisoøyre og kystmaure understrekar kystpreget. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette er ei naturbeitemark med eit nokså trivielt artsutval, men med fleire oseaniske engartar. Lokaliteten tilfredsstillar truleg ikkje krava til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at området vert beita også i framtida.

### 4 Vagsvikfjellet: ved Vagsvikelva nord for Hjellesetra (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-4 (Naturbasen 152300400)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 95-96, 25-26
<b>Høgde over havet:</b>	260-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr m.m.
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Moen (1984), Fylkesmannen i MR (1986), Naturbasen, 21.07.2001, DH & KJG, 21.07.2002, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Bakkemyrer dominerer (helling opp til 18 grader), dessutan er flatmyr vanleg. Kanthøgmyr, planmyr og øyblandingsmyr med nedbørsmyr-parti. Myrene er relativt små og vekslar med furuskog.

*Vegetasjon:* Fattigmyrvegetasjon dominerer, ombrotrof vegetasjon på tuene. Intermediære og rikare vegetasjonstypar finst på mindre areal. Det meste er fastmatter.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare seterbruk, bilvegar, kraftline, dyrkingsfelt inntil lokaliteten i vest.

*Artsfunn:* Moen (1984) nemner klokkelyng, svartopp, myrkråkefot, kystmyrklegg, heiblåfjør, bjønnbrodd, breiull, heisiv, pors, engmarihand, grønstorr, *Sphagnum cuspidatum* og *S. strictum*. Funn i 2002: jåblom, nykkesiv og myrsaulauk.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er større område med eit visst innslag av rikmyr med interessante artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

### 5 Vagsvikfjellet: Fremsteelva mot Kjersemvatnet (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-5 (Naturbasen 152300400)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 97-98, 26-28

<b>Høgde over havet:</b>	340-380 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, høgmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Moen (1984), Naturbasen, 29.08.2001, JBJ, 21.07.2001, DH & KJG

#### Områdeskildring

*Generelt:* Store myrområde ved Fremsteelva/Vagsvikelva austover til Kjersemvatnet og kommunegrensa mot Vestnes. Variert med fleire myrtypar, men bakkemyr dominerer. Dessutan finn ein flatmyr, kanthøgmyr og øyblandingsmyr. Ofte er det overgangsparti mellom myr og open fukthei og veksling mellom myr og furuskog. Erosjon er vanleg. Myrene er hekkeplass for våtmarksfugl.

*Vegetasjon:* Fattigmyrvegetasjon dominerer, ombrotrof vegetasjon på tuene. Intermediære og rikare vegetasjonstypar finst berre på små areal. Det meste er fastmatte men innslag av mjukmatte nokre stader. Rundt Kjersemvatnet finst flaskestorr-elvesnelle-vegetasjon (ikkje avgrensa), mest i vestenden og på sørsida.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare sterkare kulturpåverka (m.a. beiting), no svakare beiting, nokre bilveggar.

*Artsfunn:* Moen (1984) nemner klokkelyng, svarttopp, myrkråkefot, kystmyrklegg, heiblåfjør, bjønnbrodd, breiull og heisiv.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større myrkompleks med innslag av mindre areal rikmyr og høgmyr.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 6 Vagsvikfjellet: Visetbotnen (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-6
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 949 249
<b>Høgde over havet:</b>	360-380 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07.2002, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av bakkemyr og flatmyr i botnen sør for Visetsætra.

*Vegetasjon:* Fattigmyrvegetasjon dominerer, ombrotrof vegetasjon på tuene. Intermediære og rikare vegetasjonstypar finst på mindre areal, særleg langs bekken som kjem ned frå Geitaskardvatnet. Det meste er fastmatter.

*Kulturpåverknad:* Ei gammal, falleferdig bu står på myra. Storfe beiter jamt, og vart sett i 2002. Kraftlina står i utkant av lokaliteten i øst.

*Artsfunn:* Funn av raudlistearten kvitkurle (DC) er mest interessant (LQ 94752, 24983). Elles rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, fjelltistel, gulstorr, jåblom, loppestorr, myrsaulauk, svarttopp og sveltull. Andre interessante artar var dei regionalt sjeldne myggblom, myrkråkefot og nykkesiv.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ein mindre lokalitet med middels godt utvikla rikmyr med ein del av dei artane ein kan venta å finna i naturtypen på Sunnmøre, og ein raudlisteart.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Beiting kan vere ein føremon for dei biologiske verdiane.

## 7 Vagsvikfjellet: Løken (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-7
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 965 270
<b>Høgde over havet:</b>	320-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 17.06 og 30.07.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg aust for elva Løken på Vagsvikfjellet og er avgrensa aust for elva og nord for bygdavegen om lag inn til vegkrysset som fører til Grytalisætra (sørvest for Åsrørne). Noko innslag av bjørk.

*Vegetasjon:* Godt utvikla rikmyr med mange av dei basekrevjande artane ein kan venta å finna i denne naturtypen på Sunnmøre.

*Kulturpåverknad:* Bygdavegen i sør har truleg innverknad på sigevasstraumen vidare nedover i lia. Elles vart sauer og storfe sett på beite her i 2002.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av engmarihand, som her står spreidd over det meste av myra. Det vart funne 12 delbestandar med 2-46 planter, i alt meir enn 100 individ. Andre rikmyrartar eller næringskrevjande artar var bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, gulsildre, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, nykkesiv, myggblom, sivblom, svarttopp, sveltull og særbustorr. Særleg talrik er breiull, som er ein god rikmyrindikator ved masseförekomst. Myrkråkefot, nykkesiv og sivblom har ei viss plantegeografisk interesse, og er her nær vestgrensa si.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av det er ei stor og svært godt utvikla rikmyr utan tekniske inngrep, og med mange av dei artane som høyrer heime i naturtypen på Sunnmøre.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ein føremon for dei biologiske verdiane at myra vert beita, og ein vil rå til at beitinga held fram i alle fall på dagens nivå. Alle typar fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen i lia vil vere uheldig for naturverdiane.

## 8 Vagsvikfjellet: Sollisetra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1523-8  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 955 273  
**Høgde over havet:** 350-400 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 07.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997, 1999), 21.07.2001, DH & KJG

### Områdeskildring

*Generelt:* Setrane ligg i ei sørhelling på Vagsvikfjellet. Eit område rundt setra er nokså skoglaust, med ein del myrlendt terreng. Lenger unna er terrenget skogdekt, og skogen går opp til 5-600 m.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var kalkfattig og med eit visst kystpreg, mest frisk fattigeng (G4) og sølvbunkeeng (G3).

*Kulturpåverknad:* Ein del av vollane er dyrka.

*Artsfunn:* Viktigast her er förekomst av ein bra bestand av raudlistearten solblom (minst 500 blomstrande), dessutan vart det også funne nokre individ av raudlistearten kvitkurle. Det vart funne nærare 40 planteartar, av desse 18 naturengartar. Heiblåffjør, jordnøtt, heisiv og heistorr understrekar kystpreget. Det vart vidare funne 1 beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten huser ein stor bestand av raudlistearten solblom, dessutan kvitkurle. Begge er knytt til gamle slåtte- og beitemarker. Særleg viktig er den store bestanden av solblom. Om ikkje området vert beita, vil verdien gradvis bli lågare.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at området vert beita også i framtida. I dag er det i ferd med å gro att.

## 9 Vagsvikfjellet: vest for Sollisætra (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1523-9  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 952 270  
**Høgde over havet:** 300-360 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr

**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, t.d. hyttebygging  
**Undersøkt/kjelder:** 17.06 og 22.07.2002, DH

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Området ligg vest for Sollisætra på Vagsvikfjellet, og er avgrensa vest for Heimsteelva vest til LQ 95 og i sør etter 300 m-koten.

*Vegetasjon:* Godt utvikla rikmyr med mange av dei basekrevjande artane ein kan venta å finna i denne naturtypen på Sunnmøre.

*Kulturpåverknad:* Området grenser til nydyrking i vest, hyttefelt og sætrar. Elles vart sauver og storfe sett på beite her i 2002.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av engmarihand, som her står i fleire delbestandar. Det vart funne i alt 31 planter. Andre rikmyrartar eller næringskrevjande artar var bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, gulsildre, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, svarttopp, sveltull og særbustorr. Særleg talrike er breiull, engstorr og sveltull, som er gode rikmyrindikatorar ved masseførekomstar. Engstorr har ei viss plantegeografisk interesse, og er her nær austgrensa si.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av det er ei stor og godt utvikla rikmyr med mange av dei artane som høyrer heime i naturtypen på Sunnmøre.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ein føremon for dei biologiske verdiane at myra vert beita, og ein vil rå til at beitinga held fram i alle fall på dagens nivå. Alle typar fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen i lia vil vere negativt.

## **10 Vagsvikfjellet: Sætergrova (rikmyr)**

**Lokalitetsnummer:** 1523-10  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 925 276  
**Høgde over havet:** 280-320 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 28.07.2001, DH & Lars Inge Nakken, 18.06.2002, DH

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Området ligg sør for sætrevegen inn til Vestresætra, og er avgrensa inntil denne frå eit stykke nord for kraftlinene og litt nedover mot Vestre.

*Vegetasjon:* Lita, men godt utvikla rikmyr med ein del av dei rikmyrartane ein kan vente å finna i distriktet.

*Kulturpåverknad:* Sætrevegen i nordkanten av lokaliteten kan tenkjast å ha negativ påverknad på sigevasstraumen i lia, medan kraftlinene truleg ikkje spelar noko rolle for det biologiske mangfaldet.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av engstorr, fjellfrøstjerne og stortviblad. Andre rikmyrartar var bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, gulsildre, gulstorr, jåblom, loppestorr, myrsaulauk, svarttopp og særbustorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er ei lita, men godt utvikla rikmyr med mange av dei artane ein kan venta å finna i naturtypen på Sunnmøre.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ein føremon for dei biologiske verdiane at myra vert beita, og ein vil rå til at beitinga held fram i alle fall på dagens nivå. Alle typar fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen i lia vil vere negativt.

## **11 Vagsvikfjellet: Vestreelva (rikmyr)**

**Lokalitetsnummer:** 1523-11  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 925 280  
**Høgde over havet:** 220-300 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 18.06.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området er ei myr som ligg nord og vest for Vestresætra, avgrensa av Vestreelva mot nordvest og kraftlina og sætervegen i sør.

*Vegetasjon:* Godt utvikla rikmyr med dei fleste basekrevjande artane ein kan venta å finna i denne naturtypen på Sunnmøre. Myra er dels tresett med noko furu og bjørk.

*Kulturpåverknad:* Kraftline og ein gammal sæterveg i sør. Vestenden av dei attgrodde engene på Vestresætra er dels inkludert i lokaliteten pga. at her er noko rikmyr. Elles vart sauer og storfe sett på beite her i 2002.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av strengstorr som her har ein isolert lokalitet, og engmarihand som generelt er sjeldan på Sunnmøre. Bestanden av engmarihand (LQ 925 278) talte 36 planter. Andre rikmyrartar eller næringskrevjande artar var bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, gulsildre, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, loppestorr, myrsaulauk, nykkesiv, sivblom, småsivaks, svarttopp, svelttull og særbustorr. Særleg talrike er breiull, engstorr og fjellfrøstjerne, som alle er gode rikmyrindikatorar. Fjellfrøstjerne er nokså sjeldan på Sunnmøre. Nykkesiv og sivblom har ei viss plantegeografisk interesse, og er her nær vestgrensa si.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av det er ei stor og godt utvikla rikmyr med dei fleste av dei artane som høyrer heime i naturtypen på Sunnmøre.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ein føremon for dei biologiske verdiane at myra vert beita, og ein vil rå til at beitinga held fram i alle fall på dagens nivå. Alle typar fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen i lia vil vere negativt.

## 12 Vagsvika: Hallvardsætervatnet (ferskvatn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-12
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 930 257
<b>Høgde over havet:</b>	208 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Dammar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	31.07.2000, GGa & JBJ (Gaarder & Jordal 2002), sommaren 1999, KJG & DH.

### Områdeskildring

*Generelt:* Hallvardsætervatnet er eit oligotroft (næringsfattig) vatn med ein typisk flora og vegetasjon for slike tjørner.

*Vegetasjon:* Flyteblad- og vassengvegetasjon. Vatnet er elles omkransa av skog og dyrkamark.

*Kulturpåverknad:* Noko beiting av storfe rundt vatnet.

*Artsfunn:* Floraen var triviell med elvesnelle, vanleg tjønnaks, krypsiv, kvit nøkkerose (kantnøkkerose), botnegras, grøftesoleie og mannosøtgras. Observerte augestikker-arter: vanleg augestikker (*Aeshna juncea*), stor blåvassnymfe (*Enallagma cyathigerum*), firefleck-libelle (*Libellula quadrimaculata*), raud vassnymfe (*Pyrrhosoma nymphula*), svart haustlibelle (*Sympetrum danae*). Hekkanke stokkand (kull observert), medan den raudlista smålomen nyttar vatnet til fisking.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten ikkje tilfredsstillar kriteria til B i DN (1999a).

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og ureining frå jordbruket.

## 13 Vagsvika: Dektene (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-13
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 927 252
<b>Høgde over havet:</b>	290 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	31.07.2000, GGa & JBJ (Gaarder & Jordal 2002)

### Områdeskildring

*Generelt:* Svakt hellande myrer omkransa av lauv- og furuskog sør for Viset ved Vagsvika, myrer med to små rikmyrflekker. I den vesle gryta ned mot Hallvardsætervatnet er det ein del bakkemyr av fattig til intermediært preg, men eit mindre parti har noko rikmyrtendensar (lokalitet 4, søndre rikmyrflekk hos Gaarder & Jordal 2002). I eit brattare parti lenger nord er det og tydelege rikmyrtendensar (lokalitet 5 nordre rikmyrflekk hos Gaarder & Jordal 2002).

*Vegetasjon:* For det meste fattige og intermediære bakkemyrer, men innslag av svakt utvikla rikmyr.

*Kulturpåverknad:* Noko beiting av storfe.

*Artsfunn:* På den sørlegaste rikmyra vart det notert m.a. noko breiull, sammen med bl.a. jåblom, særbustorr, myraugnetrøst, dvergjamne, kornstorr, kystmyrklegg, bjønnbrodd og loppestorr. Floraen på den nordre rikmyrflekken er nokså lik den som finst på lok. 4, med breiull, saman med m.a. jåblom, særbustorr, myraugnetrøst, dvergjamne, kornstorr, kystmyrklegg, bjønnbrodd og loppestorr, men her finst i tillegg engstorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av førekomstar av små og relativt dårleg utvikla rikmyrer, som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 14 Vagsvika: Øvre Sollia (slåtteenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-14
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9236 2711
<b>Høgd over havet:</b>	190 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	31.07.2000, GGa & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei gammel slåtteeng ovafor husa i Øvre Sollia. Avgrensinga er utført i etterkant av undersøkinga og er litt usikker.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, G4.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått/beite, i 2000 svakare hevd.

*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom, bestand på meir enn 200 blomstrande planter. Andre naturengplanter: grov nattfiol, finnskjegg, harerug, tiriltunge, gulaks, engfrytle, blåklokke, blåknapp, aurikkelsvæve, prestekrage, kornstorr, smalkjempe, heisiv, knegras, i alt 15 naturengplanter. Elles vart det notert heistorr.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av rike førekomstar av raudlistearten solblom, og generelt artsrik gammel slåtteeng.

### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna.

## 15 Vagsvika: Øvre Sollia, vestre del (slåtteenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-15
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9215 2705
<b>Høgd over havet:</b>	170 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger, hagemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	31.07.2000, GGa & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gammel slåtteeng i svak attgroing på oversida av vegen ved eit fråflytta bruk.

*Vegetasjon:* Mykje av det fråflytta bruket har sølvbunkeeng (G3) som er i attgroing, elles G4, frisk fattigeng i kantområda. Eit inngjerda skifte er tresett med noko bjørk

*Kulturpåverknad:* Tidlegare overflatedyrka og slått/beita, no svakare hevd med vårbeite og lett haustbeite av sau.

*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom, bestand på 3 blomstrande planter pluss nokre rosettar. Andre naturengplanter: finnskjegg, gulaks, knegras, geitsvingel, kornstorr, tepperot, tiriltunge, blåklokke, heiblåfjør, aurikkelsvæve, harerug, engfrytle, prestekrage, småengkall, lækjeveronika, kystgrisøyre, jordnøtt, hårsvæve, blåknaopp, blåkoll, smalkjempe, i alt heile 22 naturengplanter, som er eit høgt tal. Elles vart det notert heistorr, loppestorr og kystmyrklegg. Potensiale for beitemarkssopp

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteeng/hagemark i attgroing, men med førekomst av raudlistearten solblom, og i tillegg uvanleg artsrik gammel slåtteeng. Lokaliteten bør undersøkast betre. Ved framhaldande attgroing vil verdien gradvis verta lågare.

### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for både solblomen og alle dei andre engplantene, og dei vil gradvis forsvinna.

## 16 Vagsvika: Sollia, austre del (slåtteenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-16
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9259 2705
<b>Høgd over havet:</b>	190 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	31.07.2000, GGa & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei gammel slåtteeng aust for Øvre Sollia, på vestsida av eit større steingjerde ovanfor vegen, ovafor vestenden av bustadfeltet.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått/beite, no svak hevd.

*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom, med ein bestand på 500-1000 blomstrande planter, ein av dei største i distriktet. Elles vart følgjande naturengplanter noterte: harerug, grov nattfiol, gulaks, finnskjegg, engfrytle, tepperot, blåklokke, prestekrage, kornstorr, blåknapp, knegras, geitsvingel, smalkjempe, tiriltunge, bråtestorr, heiblåfjør, i alt 17 naturengplanter.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av svært rike førekomstar av raudlistearten solblom, og generelt artsrik slåtteeng.

### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna.

## 17 Viset: Øggarden (slåtteenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-17
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 921 257
<b>Høgd over havet:</b>	120 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, fysiske inngrep (planer om steinbrot, veg m.m.)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	31.07.2000, GGa & JBJ (Gaarder & Jordal 2001, 2002)

### Områdeskildring

*Generelt:* Slåtteengrest på Viset, mellom fulldyrka mark og skogkanten i skråninga opp mot Dektene, utstrekning ca. 20x150 meter.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4).



*Kulturpåverknad:* Engene har vore slått tidlegare, men er no i byrjande attgroing.

*Artsfunn:* Det vart gjort funn av raudlistearten solblom, med ein bestand på fleire hundre blomstrande planter. Elles vart det funne brudespore og grov nattfiol, vidare naturengplantene harerug, tepperot, finnskjegg, gulaks, småengkall, kystgrisøre, blåklokke, engfrytle, tiriltunge, smalkjempe, geitsvingel, aurikkelsveve, blåknapp, i alt 16 naturengplanter.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av individrike førekomstar av raudlistearten solblom.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna. Fysiske inngrep kjem i konflikt med dei biologiske verdiane.

## 18 Vagsvika: Halsen m.m. utanfor Visettunnelen (kalkskog, edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-18 (Naturbasen 152305302)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 916 253
<b>Høgde over havet:</b>	0-80 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, berg, rasmark og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kalkskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Planer om steinbrot, fylling av tunnelmasse inntil lokaliteten
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	juni 1984, Brandrud & Bjørndalen (1989), JBJ & O.A.Bugge juni 1987, Naturbasen, Folkestad (1995), 13.06.1998, DH & KJG, 24.04.1999, GGa, FO, DH & KJG, 31.07.2000, GGa & JBJ (Gaarder & Jordal 2002), 09.08.2001, DH (Holtan 2001), 02.10.2001, PL, 16.07.2002, DH & PL

#### Områdeskildring

*Generelt:* Vestvendt og svært variert skogsområde ved den gamle riksvegen. Store steinar/berg i dagen. Friskt med sigevatn. Stor variasjon i naturtypar.

*Vegetasjon:* Bjørndalen & Brandrud (1989) skildrar lokaliteten som lågurtfuruskog med komplisert vegetasjonsmosaikk der røsslyngfuruskog, hasselkratt, edellauvskogsfragment, ospekratt, berg og kantvegetasjon inngår. I tresjiktet inngår bjørk, osp og noko furu. Kraftig busksjikt med osp, mykje hassel og dels rogn.

*Kulturpåverknad:* Vegen vart stengd med bom omlag 1984 da den nye Visettunnelen vart ferdig. Det er anlagt ei steinfylling inntil lokaliteten på nordsida mot Viset (tunnelmasse).

*Artsfunn:* Raudlistearten kastanjelav *Pannaria sampaiana* (DC) vart funne på bergvegg i 1999 (LQ 920 252, 120 m o.h.). Av sopp er det kjent følgjande raudlisteartar, for det meste knytt til rik edellauvskog: beltebrunpigg *Hydnellum conrescens* (DC), dvergstanksopp *Mutinus caninus* (DC), prydhette *Mycena renati* (R), gulnande begersopp *Peziza succosa* (DC), falsk brunskrubbe *Porphyrellus porphyrosporus* (DC) og grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC). På eit område på nokre dekar vart det i 2000 telt vel 200 individ av raudlistearten kvit skogfrue (R – sjeldan) ovafor vegen, og rundt 30 nedanfor. Kvit skogfrue er kjent frå om lag 20 lokalitetar i fylket, og dette er truleg ein av dei rikaste førekomstane. Elles liljekonvall, fingerstorr, sanikel, skogstorkenebb, svartburkne, hengjeaks, skogrørkvein, bergrørkvein, breiflangre, svarterteknapp, krossved, hundegras, firkantperikum, fagerperikum, vivendel, bergfrue (100-tal), grov nattfiol og tågebær. I 1998-2001 vart som nye artar noterte m. a. raudflangre, tannrot, bergasal, bergmynte, kusymre, kvitbergknapp, lundgrønaks, rognasal og skogskolm. Bjørndalen & Brandrud (1989) nemner og skogkløver (ikkje attfunnen). Av mosar og lav er det elles særleg grunn til å nemna rund porelav, galletteppemose og kveillose. Heile strekinga langs gamlevegen er botanisk svært interessant. Av fugl er det observert gråspett (raudlista som omsynskrevande), grønspett, spettmeis, gulsongar og munk.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av mange krevande raudlisteartar av planter, lav og sopp. Dette er truleg den viktigaste "hot spot"-lokaliteten for raudlisteartar i Ørskog kommune.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør bevarast mest muleg urørt.

## 19 Vagsvika: utløpet av Vagsvikelva (brakkvassdelta)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-19 (Naturbasen 152305303)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda

<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 912 262
<b>Høgde over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.1984, A. Frisvoll (Holten m. fl. 1986), Naturbasen, 07.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1995)

### Områdeskildring

*Generelt:* Denne elva dannar eit lite delta, der den eine halvparten er utbygd, medan den sørsida er utan større inngrep og regulert til friluftsmål. Elveosområdet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (godkjend 10.06.94 i Miljøverndept.).

*Vegetasjon:* Skjorbuksurt-forstrand, saltsiveng, raudsvingeleng, fjøresivakseng, taresaltgras-samfunn, strandrugvoll, gåsemure-voll og høgurt-fleirårvoll.

*Kulturpåverknad:* Elva er kanalisert. Noko beita av kyr.

*Artsfunn:* Trivielt artsutval, 44 planteartar, ingen spesielt interessante.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit lite elveutløp med nokre kvalitetar intakt, men eit trivielt artsutval. Har interesse som beita strandeng. Tilfredsstillar truleg ikkje kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

## 20 Storfjorden: Amdam naturreservat (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-201 og 1523-202 (Naturbasen 152304909)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 867 275
<b>Høgde over havet:</b>	0-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Spreiing av innførte treslag t.d. platanløn. Området er verna som naturreservat 13.10.2000.
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Mathiesen (1961), Lindmo m. fl. (1991), Folkestad & Bugge (1988), Angell-Petersen (1992), Naturbasen, 28.07.2001, DH, Tore Berg, Lars Inge Nakken og Inger Nordal, 06.05.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området er verna som naturreservat med kristtorn 13.10.2000, seinare delt i to delområde etter rettsleg avgjerd, derfor to lokalitetsnummer. Sørvendt li frå fjorden og opp mot 50 moh. Berggrunnen er grov augegneis med små inklusjonar av gabbro og andre basiske bergartar. Kombinasjonen av desse og istransporterte og marine lausmassar har gjort jordsmonnet næringsrikt. Holmboe (1914) skriv om kristtorn i Ørskog: "*Iflg meddelelser fra sogneprest Ivar Hesselberg og distriktslæge H. Holst vokser der kristtorn vildt paa gaarden Lindsetvik. Der skal være 3 store træer. Maalene er mig av et par kyndige mænd opgit til ca. 7 meters høide og 45 cm's omfang av stammen paa det største træ. Dessuten nogen mindre busker, som er vokset op fra nedhuggede træers stubber.*" (Iflg. distriktslæge Holst)." Dessutan siterer han biskop Gunnerus (Flora Norvegica, 1772): "*Habitat in paroecia sundmörria: Örskov, unde specimen mihi missum, a chirurgo Lange lectum; nec non passim alibi in sundmörria insulis.*" Det er dermed sannsynleg at kristtorn har vakse i Lisetvika og kanskje Amdam i fleire hundre år. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at ein del av den kristtornen som er der i dag er spreidd frå hagar med fugl. Det same gjeld for fleire mispel-artar.

*Vegetasjon:* Skogen har ei rekkje treslag utan klare dominantar: bjørk, rogn, osp, morell, platanløn, alm, furu, gråor, svartor og ask. Kristtornen finst i underskogssjiktet og i kantvegetasjon, som mellom anna også omfattar hassel, hegg, krossved, nyperoser og einer. Undervegetasjonen er dels prega låge urter, men på djupare jord og langs sig inngår ein del høge urter, bregnar og gras.

*Kulturpåverknad:* Området er ein mosaikk av ulike typar kulturprega vegetasjon: slåttemark, beite og granplantingar i ulike suksesjonsfasar.

*Artsfunn:* Førekosten av kristtorn omfattar meir enn 20 individ mellom 0,5 og 5 m høgde, og like mange ungpantar. Bestanden er tvikjønn, set frø og er livskraftig. Kristtornen veks i hovudsak i område som i dag gror til med lauvskog, men med opne glenner og knausar. Elles m. a. skogbjørnebear, vivendel, krossved,

markfrytle, kystgrisøyre, skogstorr, raudflangre, ramslauk, kranskonvall, jordnøtt og strandvind. Førekomstar av strandvind og rukkebjønnbær er òg interessant. Den raudlista dvergspetten hekka i området i 2000.

*Verdsetting:* Området vert under tvil verdsett til B (viktig) på grunn av kristtornførekomensten og einskilde andre kravfulle planter. Ein kan ikkje utelukka at kristtorn er kulturspreidd.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er truleg naudsynt med noko skjøtsel for å framelske kristtornen. Reservatet treng ein skjøtelsesplan.

## 21 Storfjorden: Amdam: Brattebakkane (skog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-21 (Naturbasen 152304909)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 881-883, 271-272
<b>Høgde over havet:</b>	0-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Mathiesen (1961), 06.05.2002, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvendt li frå fjorden og opp mot 20 m o.h., grensar til dyrkamarka mot Amdam i nord.

*Vegetasjon:* Skogen har ei rekkje treslag utan klare dominantar: bjørk, rogn, osp, morell, platanløn, furu, gråor, svartor og ask, spreidd nokre få kristtornar. Undervegetasjonen er dels prega låge urter, men på djupare jord og langs sig inngår ein del høge urter, bregnar og gras. Historikk omkring kristtorn i Ørskog er omtala under lokalitet 20.

*Kulturpåverknad:* Ein kan ikkje sjå bort frå at kristtornen er spreidd frå hagar med fugl. Det same gjeld for fleire mispel-artar. Elles ugrasartar som skvallerkål og spansk kjørvel i kantsoner mot fulldyrka mark.

*Artsfunn:* I følge Mathiesen (1961), Berg (1962) og Gjærevoll (1965) skal det vera funne kvit skogfrue i området. Mathiesen (1961) skriv: "Den 3. juni 1960 fant fruene Haldis Hoel og Elisabeth Hellevik, Ålesund, *Cephalanthera longifolia* ved Amdam i Ørskog, på Storfjordens nordside. Jeg fikk anledning til å se voksestedet den 5. juni. Lokaliteten ligger i en sydvendt eksposisjon ca. 40 à 50 meter fra sjøen i en gjennomsnittlig høyde av 10 meter o. h. Det fantes 12 eksemplarer, alle i full blomst, på et område på ca. 100 kvm. Planten vokser her på storsteinet bunn med lite moldjord. Lokaliteten ligger i glissen småskog bestående av osp, bjørk og hassel. Lokaliteten er godt beskyttet mot vestlige og sørvestlige vinder av en fremstående fjellknaus." Kvit skogfrue er ettersøkt i 2000-2002, men er ikkje atfunnen. Elles interessante artar som istervier, som her har ein isolert lokalitet, kusymre, ramslauk, svarterteknapp og villapal.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av godt innslag av varmekjære og krevjande artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ein føremon for dei biologiske verdiane om området får ligga mest muleg i fred.

## 22 Storfjorden: Liset: Høgshaugen (edellauvskog, kystfurusog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-22 (Naturbasen 152304906)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 873-880, 271-276
<b>Høgde over havet:</b>	0-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kystfurusog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Naturbasen, Folkestad & Bugge (1988), 13.04.2000 og 06.05.2002, DH.

#### Områdeskildring

*Generelt:* Frodig lauvskogsli med aukande innslag av kystfurusog austover i teigen. Når det gjeld førekomst av kristtorn viser ein til omtale av Holmboe (1914) herifrå: "Iflg meddelelser fra sogneprest Ivar Hesselberg og distriktslæge H. Holst vokser der kristtorn vildt paa gaarden Lindsetvik. "Der skal være 3 store træer. Maalene er mig av et par kyndige mænd opgit til ca. 7 meters høide og 45 cm's omfang av stammen paa det største træ. Dessuten nogen mindre busker, som er vokset op fra nedhuggede træers stubber." (Iflg. distriktslæge Holst)."

**Vegetasjon:** Ein del ask, platanlønn og osp. Stort innslag av hassel i busksjiktet. Kysthasselkratt er ein truga vegetasjonstype. Svartor i strandsona.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten ser ut til å vere lite påverka slik han ser ut i dag, bortsett frå platanløn som er ein innført art.

**Artsfunn:** Lengst aust i lokaliteten vart det funne kristtorn i blåbærfuruskog i 2000. Det er uvisst om dette er same plass som er omtala av Holmboe (1914). Elles vart blankburkne funne under eit overhengande berg i 2002 (austgrense for den varianten som ikkje veks på olivin).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med den truga vegetasjonstypen kysthasselkratt, og innslag av kystfuruskog. I tillegg vart det funne kristtorn og blankburkne.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at platanløn vert fjerna, sidan dette er ein innført art som spreier seg ukontrollert. Av biologiske omsyn er det best om lokaliteten i framtida får liggja mest muleg urørt.

## 23 Storfjorden: Lisetvatnet (ferskvatn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-23 (Naturbasen 152304906)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 877 278
<b>Høgde over havet:</b>	ca 50 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Rik kulturlandskapssjø
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ureining og utbygging.
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Sommaren 1999, KJG, 19.05.2003, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lita tjønn delvis omgjeven av dyrka mark ved Liset nordvest for Amdam.

**Vegetasjon:** Flyteblad- og langskotvegetasjon, høgstorrbelte og fuktenger med bekkeblom.

**Kulturpåverknad:** Vatnet er truleg noko ureina av avrenningar frå jordbruksaktivitetar, og har m.a. svært dårleg siktdjupne om sommaren. Litt utfylling og foravfall.

**Artsfunn:** Følgjande artar av augestikkarar er funne: brun augestikkar (*Aeshna grandis*), vanleg augestikkar (*Aeshna juncea*), vanleg metallvassnymfe (*Lestes sponsa*), raud vassnymfe (*Pyrrhosoma nymphula*), svart haustlibelle (*Sympetrum danae*), raudbrun haustlibelle (*Sympetrum striolatum*). Stokkanda hekkar.

Matleingsområde for ulike vassfuglar, sett brunnakke, hegre, sivsporv og låvesvale.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B, men likevel er slike små låglandsvatn er ein sjeldan naturtype i kommunen.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør prøva å unngå fysiske inngrep og forureining.

## 24 Storfjorden: Liset: Bruna (kystfuruskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-24
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 864-871, 274-279
<b>Høgde over havet:</b>	40-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Kystfuruskog, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst og treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.12.2004, DH

#### Områdeskildring

**Generelt:** Sørvendt skogsområde aust for Gausneset med etter måten gammal kystfuruskog.

**Vegetasjon:** Kystfuruskog (mykje lågurtskog, dessutan blåbær-røsslyngskog) med mykje hassel utgjer rundt 90%, dels også svartor. Rundt 5-10% kan reknast som edellauvskog. Elles spreidd noko osp og bjørk, sporadisk alm og morell. Skogen er i hovudsak gammal med mykje daud ved, særleg mot vest og i høgda.

**Kulturpåverknad:** Noko spreieing av gran, spor etter tidlegare plukkhogst.

**Artsfunn:** Interessante planter er alm, breiflangre, fagerperikum, fingerstorr, kristtorn (LQ 868 276), krossved, lundgrønaks, markjordbær, morell, myske, sanikel og taggbregne. Av lav er særleg *Pyrenula laevigata* og

*Thelotrema lepadinum* av interesse. Dette er to oseaniske lavartar som oftast veks på hassel og her står på si kjende innergrense. Også er rekkje vanlege artar i lungeneversamfunnet blei funne, m.a. kystnever, lungenever, puteogle og skrubbenever.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein variert skog med ulike kvalitetar, m.a. rik edellauvskog og førekomst av fleire varmekjære artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Av biologiske omsyn er det best om lokaliteten i framtida får ligge urørt.

## 25 Storfjorden: Gausneset (kystfuruskog m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-25
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 851-859, 273-281
<b>Høgde over havet:</b>	0-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, berg, rasmark og kantkratt,
<b>Naturtype:</b>	Kystfuruskog, rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Holtan (2002), 15.04.2000, 04.05 og 17.07.2002, DH, 19.05.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Sør- til vestvendt berg og ur vest for steinbrotet på Gausneset. I vest oppslag av til dels grovvaksen kystfuruskog.

*Vegetasjon:* Kystfuruskog (blåbær-røsslyngskog, sporadisk småbregne- og lågurtskog), spreidd noko hassel og alm. Skogen er i hovudsak gammal med mykje hengjelav (m.a. gubbeskjegg) og læger i ulike nedbrytingsstadium. Rikaste delområdet er under sørberga og i bergrota i vest, med krevjande planteartar og ein del lav.

*Kulturpåverknad:* Kraftlina og steinbrotet har ikkje direkte innverknad på den avgrensa teigen, men truleg har ein del av lokaliteten gått tapt i austenden grunna tidlegare masseuttak. Nokre få grantre står nær sjøen på vestsida.

*Artsfunn:* Sjeldne eller interessante planter er alm, bergasal, blankburkne, lundgrønaks, laukurt, murburkne, skogfaks, skogskolm, svarterteknapp og vårerteknapp. Ein sørleg, varmekrevjande sopp som vart funnen her var ruterøyr-sopp. Her er òg austgrense for lavarten kystnever. Også viktig viltlokalitet. Av hekkefuglar kan nemnast den sårbare (V) kvitryggspetten og ein gammalskogsindikator som toppmeis, elles grå flugesnappar, jarnsporv, lauvsongar, raudstrupe, spettmeis, svarttrast og trekrypar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein variert skog med ulike kvalitetar, m.a. edellauvskog og førekomst av fleire regionalt sjeldne og varmekjære artar, og utpostlokalitet for kystnever, blankburkne, laukurt, skogfaks og skogskolm. Bergasal er dessutan norsk ansvarsart. I tillegg har lokaliteten viktig viltfunksjon som vil gje A også som viltlokalitet.

#### Skjøtsel og omsyn

Av biologiske omsyn er det best om lokaliteten i framtida får ligge urørt. Ein bør hindre spreieing av framande artar, m.a. frå fyllinga ved vegenden.

## 26 Vestre: Remmingsmyra (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-26
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 912 283
<b>Høgde over havet:</b>	240-280 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.07 og 22.07.2002, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei rikmyr som ligg i eit søkk bak (nord for) Vestreberget og aust for Veltene.

*Vegetasjon:* Middels godt utvikla rik fastmattemyr (M2) med fleire av dei basekrevjande artane ein kan venta å finna i denne naturtypen på Sunnmøre, m.a. store enger med breiull og blåtopp.

*Kulturpåverknad:* Storfle beiter regelmessig i området. Elles ei kraftlinje i nordenden av lokaliteten.  
*Artsfunn:* Mest interessant i området er førekomst engmarihand (i alt 20 planter i 4 delbestandar). Elles rikmyrsartar som bjønbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, fjellfrøstjerne, gulsildre, gulstorr, jåblom, loppestorr, nykkesiv, myrsaulauk, sivblom og vill-lin. Særleg talrike er breiull, som er dominerande, engstorr og loppestorr. Fjellfrøstjerne, myrkråkefot og nykkesiv har ei viss plantegeografisk interesse og er her nær si vestgrense. Antropokore artar er m.a. blåkoll og kvitmaure. Pæremøkkmose (*Splachnum ampullaceum*) vart òg funnen, ein rikmyrart som berre veks på avføring frå beitande dyr.  
*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er ei mindre, men godt utvikla rikmyr med mange av dei artane som høyrer heime i naturtypen på Sunnmøre.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ein føremon for dei biologiske verdiane at myra vert beita, og ein vil rå til at beitinga held fram i alle fall på dagens nivå. Alle typar fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen i lia vil vere negativt.

## 27 Sjøholt: Stormyra ved Lisetsætra (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1523-27  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 913 290  
**Høgde over havet:** 320-360 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 25.06.2001, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Området er avgrensa rundt den nedlagde og sterkt attgrodde Lisetsætra og utgjer myra på begge sider av Øyagrova.

*Vegetasjon:* I hovudsak er dette bakkemyr, dels tresett, med store bjønnskjegg- og blåtoppenger.

*Kulturpåverknad:* Her går ein gammal, lite bruka sæterveg inn til Lisetsætra. Elles er det tydeleg at området har vore beita i lang tid. Under besøket i 2002 gjekk her om lag 15 kyr og ungdyr.

*Artsfunn:* Størst interesse knyter det seg til funn av engmarihand, som på Sunnmøre ser ut til å ha sine viktigaste førekomstar i Ørskog (dels òg i Stranda/Sykkylven). Andre rikmyrsartar: bjønbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, fjellfrøstjerne, gulstorr, jåblom, myrsaulauk, sveltull og svarttopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er ei mindre og middels godt utvikla rikmyr med ein del av dei artane ein kan vente å finne i naturtypen på Sunnmøre. Viktigast er funn av engmarihanda.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er positivt for dei biologiske verdiane dersom beitinga kan halde fram slik som i dag.

## 28 Sjøholt: Stiggrova (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1523-28  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 914 301  
**Høgde over havet:** 330-440 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 25.06.2002, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Stiggrova ligg 6-700 m nord for Amdamsætra, og er ei vestvendt, gryteforma sigevassli karakterisert ved bratte bakkemyrar. Avgrensinga følgjer naturleg den konkave delen av lia.

*Vegetasjon:* Over eller kring tregrensa er det store bjønnskjegg- og blåtoppenger vekslande med fjellhei kor ein finn mykje dvergbuskar som t.d. røssleng. Lenger ned er det tale om tresett myr, med gammal kystfurusskog som har rike sig og søkk ned til om lag 330 m o.h.

*Kulturpåverknad:* Store grasbakkar med ein del naturengplanter kan tyde på at her tidlegare har vore skogsbeite eller slåtteskog/slåtemyr. Det ser ut til at her i dag berre er tilfeldig beita av storfle.

*Artsfunn:* Litt over skoggrensa vart den raudlista kvitkurla funne (LQ 916 303). Rikmyrsartar elles: bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, kattedot, loppestorr, myrkråkefot, myrsaulauk, sveltull, svarttopp og tranestorr. Særleg talrike er breiull, gulstorr, fjellfrøstjerne og kattedot.  
*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei godt utvikla rikmyr med mange av dei artane ein kan vente å finne i naturtypen på Sunnmøre. Funn av raudlisteararten kvitkurla trekkjer opp.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er positivt for dei biologiske verdiane dersom beitinga kan halde fram eller helst aukast noko i høve til i dag.

## 29 Sjøholt: Bårdsgjerde, Martinusgarden (slåtteeng)

**Lokalitetsnummer:** 1523-29  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 891 304  
**Høgde over havet:** 190 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtteenger  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 19.07.2002, 06.09.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Mindre slåtteeng, under 0,5 dekar like vest for husa på Martinusgarden. Framvist av Marta Vik.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng av jordnøtt-type (truga vegetasjonstype, Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Enga vert framleis slått.

*Artsfunn:* Det er gjort funn av raudlisteararten solblom, med ein bestand på over 100 blomsterstenglar. Lenger opp lang driftsvegen er solblomen gått ut for 30-40 år sidan. Elles vart det funne harerug, blåkoll, heistorr, heisiv, fjell-augnetrøst, hårsvæve, lækjeveronika, kystgrisøyre, jordnøtt, blåklokke, knegras og kattedot. Elles vart beitemarkssoppen *Entoloma chalybaeum* funnen.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av rike førekomstar av raudlisteararten solblom.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna.

## 30 Sjøholt: Li (slåtteenger)

**Lokalitetsnummer:** 1523-30  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 873 306  
**Høgde over havet:** 120 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** B (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 28.07.2001, DH & Lars Inge Nakken, 18.06.2002, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei naturbeitemark på Li mellom Sjøholt og Solnørdalen. Typen naturbeitemark er mest framtrødande i kantane.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng i kantane av beitemarka, litt meir nitrofile parti elles.

*Kulturpåverknad:* Beita av storfe, litt køyrespor, gjødsla unntatt i kantane.

*Artsfunn:* Det er gjort funn av raudlisteararten solblom, med ein bestand på rundt 50 blomsterstenglar. Grov nattfiol er også funnen.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (svært viktig) på grunn av førekomstar av raudlisteararten solblom.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna.

## 31 Sjøholt: Sjøholtlia naturreservat (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-31 (Naturbasen 152305702)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	(midtpunkt LQ 855 302)
<b>Høgd over havet:</b>	50-500 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, berg, rasmark og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, rik sumpskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Verna som edellauvskogsreservat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Folkestad & Bugge (1988), Bugge (1993), Naturbasen, 25.04.1999, GGa, KJG, DH, 18.07 og 04.10.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Stor sørvendt edellauvskogsli i austre delar av Vetten, nær Sjøholt sentrum. Lia flatar ut mot busetnad og kulturmark i nedre delen. Området er verna som naturreservat i 2003.

*Vegetasjon:* Mosaikk med innslag av edellauvskog, bjørkeskog, furuskog, svartorskog og mindre granplantefelt. Ask, gråor, alm, platanlønn og hassel dominerer i tresjiktet. Veksestaden for slakkstorr har karakter av varmekjær kjeldelauvskog (or-askeskog), ein sjeldan naturtype i fylket, reknast som truga (Fremstad & Moen 2001). Her er lokalt svært mykje unglantar av ask. Platanløna er på frammarsj, og dominerer allereie store delar av lia. Totalt sett er dette truleg den største einskildførekomsten av platanløn i fylket.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til busetnad og kulturmark i nedre delen. Det er planta ein del gran. Mykje sølvbunke i undervegetasjonen syner at her tidlegare har vore beita ein del. Den innførte platanløna er i ekspansjon og trugar med å endra heile skogområdet.

*Artsfunn:* I 1999 og 2002 vart raudlistearten narrepiggssopp *Kavinia himantia* (DC) funnen på gammal alm (LQ 858 300), medan indigoraudskivesopp *Entomola euchroum* (R) (LQ 854 301) og prydhette *Mycena renati* (R) (LQ 854 300) var funne i 2002. Interessant er også funn av fire vokssoppar (*Hygrocybe*). Bugge (1993): skogstorr (Ingvald Røsberg 10.08.1978), lundgrønaks, myske, ramslauk, skogsvingel, kjempesvingel, geittelg, jordnøtt, vivendel, junkerbregne, krattlodnegras, mellomtrollurt, skogkarse. Lundgrønaks, kjempesvingel og skogstorr er alle svært talrike. Funn 1999: kristtorn, slakkstorr, gullstjerne, lerkespore. Slakkstorr er sjeldan i fylket. Gullstjerne og lerkespore er her svært talrike, men er generelt uvanlege i kystnære strok på Vestlandet (Lid & Lid 1994). Bøk og kristtorn er truleg forvilla. Hakkemerker på daud ved tyder på at den sårbare (V) kvitryggspetten nyttar området jamt. Han kan truleg hekke litt vest for naturreservatet, då her er mykje gammal osp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei li med stadvis velutvikla og artsrik varmekjær edellauvskog og kjeldelauvskog (truga vegetasjonstype), med interessante og varmekjære planteartar og fleire raudlisteartar av sopp.

### Skjøtsel og omsyn

Verna som edellauvskogsreservat, dermed gjeld forskriftene for reservatet. Ein skjøtelsesplan bør seia noko både om plantefelta med gran, og om platanløna som er på frammarsj og er i ferd med å endra vegetasjonen i området. Det må peikast på at hjorten har gjort stor skade på alm, også på gamle, metertjukke tre.

## 32 Sjøholt: utløpet av Ørskogelva (havstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-32 (Naturbasen 152314700)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 871 295
<b>Høgd over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, nedbygging
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.1984, A. A. Frisvoll (Holten m. fl. 1986), Naturbasen, 1996, 05.06.2002, Tore C. Michaelsen & JBJ.

### Områdeskildring

*Generelt:* Ørskogelva dannar eit delta der det er gjort ein del inngrep. Elveosområdet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (godkjend 10.06.94 i Miljøverndept.). Det avgrensa området ligg på nordsida av elva, inntil elveutløpet.

*Vegetasjon:* Det vart registrert fjøresivaks-eng, strandrug-voll på steinstrand, og østersurt-grusstrand.



*Kulturpåverknad:* Industriområde med fyllingar m.m. Nedre del av elva er forbygd. Ei kyrkje og ein freda prestegard ligg inntil nedste del av elva. I 2002 er lite att av dei opprinnelege våtmarksområda, restane er avgrensa.

*Artsfunn:* Artsfattig når det gjeld karplanter (22 artar), men med østersurt i 1984, 1996 og 2002, som ein av få registrerte lokalitetar i fylket. I 2002 vart det berre registrert ein liten rosett, og arten er truleg på veg ut på grunn av utfyllinga på staden. Brakkvassplanten pollisivaks er tidlegare funnen i bakstrand, i sump på Sjøholt 29.07.1983 av Ingvald Røsberg. Lokaliteten er no fylt ut og har vorte industriområde. Restlokaliteten inneheldt i 2002 eit lite felt med strandrug, og som nemnt ein liten rest av østersurt. Elles kan det nemnast skjorbuksurt, strandkjeks, taresaltgras, rukkerose og litt ilanddrive ålegras. Området er elles matleitingsområde for fiskemåse, gråmåse o. a. våtmarksfuglar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mindre rest av eit tidlegare større elveos-område, framleis med nokre interessante artar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå vidare nedbygging og fysiske inngrep.

### **33 Sjøholt: vest for Liafjellet (kystfuruskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-33 (Naturbasen 152305703)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 828-853, 295-309
<b>Høgde over havet:</b>	100-525 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog/kystfuruskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Spreiing av platanløn (verna som naturreservat 17.12.1999)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Korsmo & Svalastog (1997), Haugen (1992), Naturbasen, 24.10.1999, DH, GGa, KJG

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er del av eit naturreservat som ligg delvis i Skodje og delvis i Ørskog. Liafjellet er ein åsrygg opp mot ca 525 moh. sør for Solnørvassdraget. Skogkledd opp til 360 moh., det meste er nord og vestvendt. Området er relativt lite hogstpåverka, med furutre i alder opp til 370 år.

*Vegetasjon:* Tydeleg høgdegradient i dei fattige furuskogstypene frå tresett fjellmyr øvst, via røsslyng-blokkebærfuruskog og ned til dei litt frodigare blåbærfuruskogane med artar som bjønnekam, engmarimjelle og storfrytle. Nokre stader er jordsmonnet rikare med innslag av lågurtfuruskog. Her kan ein finne barlind og hassel. Slike stader er også platanløn under ekspansjon. Små flekkar av andre vegetasjonstypar er også representert, m.a. storbregnebjørkeskog og ulike myrtypar.

*Kulturpåverknad:* Spor av hogst i eldre tid i deler av lokaliteten. Spreiing av platanløn, eit innført lauvtreslag.

*Artsfunn:* Fleire sjeldne og dels truga artar førekjem, som barlind (5 individ), og den sjeldne og kravfulle skorpelaven *Pyrenula harissii*, som finst på hassel i kystfuruskog. Det er observert røyskatt, mår og konstatert hekking av hønsehauk og fjellvåk. Det finst vidare storfugl og orrfugl.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av større velutvikla område med gammal barskog/kystfuruskog med førekomst av fleire interessante artar. Det er stor spennvidde i vegetasjonstypar, høgdeforskjellar og eksposisjonar. Lokaliteten er og viktig som viltområde.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området er verna, og det er ei målsetting med dette å halda området mest muleg urørt.

### **34 Solnørdalen: Solnørelva, Engjvatnet (ferskvatn)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-34
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 849-865, 315-317
<b>Høgde over havet:</b>	50-60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn (+ viltområde)
<b>Naturtype:</b>	Kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti, viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining (vassdraget er varig verna)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.07.1996, DH, 24.10.1999, GGa, DH, KJG, (Melby & Gaarder 2001), 18.07.2002, TCM & JBJ, 24.04.2003, Helga Færøy & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ei av de mest velutvikla meandreringane i låglandet i Møre og Romsdal, mesteparten ligg i Ørskog kommune. Leveområde for fleire truga artar. Myrene er teke med i kartavgrensinga som ei buffersone mot Engjavatnet, saman med kantvegetasjonen rundt heile lokaliteten. Dette er ikkje berre for å sikre ei buffersone, men av di også amfibiar og andre artar nyttar desse områda.

*Vegetasjon:* I Engjavatnet (ligg delvis i Skodje) er det flyteblad- og langskotvegetasjon, noko torvmose (*Sphagnum*) og høgstorrenger med flaskestorr i kantane. Vassdraget har kanvegetasjon av gråorskog med innslag av m.a. vier.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er berre i liten grad påverka av forbyggingar og tekniske inngrep. Noko vassforureining med grønske i elva. Noko gran står attmed elvekanten.

*Artsfunn:* Mest interessant i området er førekomst av raudlistearter kongeaugestikkar og elvemusling. Av augestikkarar er det funne heile 13 artar. Engjavatnet er det mest artsrike vatnet på Sunnmøre for denne artsgruppa til no. Følgjande artar er registrerte: brun augestikkar *Aeshna grandis*, firefleck-libelle *Libellula quadrimaculata*, fjellaugestikkar *Aeshna caerulea*, kongeaugestikkar *Cordulegaster boltoni*, lita torvlibelle *Leucorrhinia dubia*, raud vassnymfe *Pyrrhosoma nymphula*, smaragdaugestikkar *Cordulia aenea*, stor blåvassnymfe *Enallagma cyathigerum*, svart haustlibelle *Sympetrum danae*, vanleg augestikkar *Aeshna juncea*, vanleg blåvassnymfe *Coenagrion hastulatum*, vanleg metallaugestikkar *Somatochlora metallica*, vanleg metallvassnymfe *Lestes sponsa*. Lokaliteten er òg noko nytta av våtmarksfugl som hekke- og næringsområde. Elvekantvegetasjonen inneheld hekkande gulsongar, munk, og truleg hagesongar (TCM pers. medd.). Fleire individ av raudlistearter dvergflaggermus på matleiing i 2002 (TCM & JBJ), observasjonar av jaktande skimmelflaggermus (også raudlistearter) i nærområdet. Svært fåtalige bestandar av elvemusling vart observerte i 2003, berre nokre titals gamle individ, bestanden er truleg utryddingstruga, han finst både ovanfor og nedanfor brua.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er velutvikla meandreringar elveparti og vårmark (ein regionalt sjeldan naturtype) og huser bestandar av fleire krevjande raudlistearter med få og sårbare førekomstar i fylket. Lokaliteten har òg viktig viltfunksjon.

### Skjøtsel og omsyn

Vassdraget er varig verna mot kraftutbygging, men lokaliteten inngår ikkje i planområdet for Solnørvassdraget. Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining, særleg er den freda elvemuslingen sårbar for forureina vatn. Gran langsmed elva bør fjernast. Myrområda inntil vatnet bør ikkje grøftast eller drenerast, her bør heller ikkje verte veganlegg eller bygningar.

## 35 Solnørdalen: søraust for Dekkjavatnet (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-35
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 858 313
<b>Høgde over havet:</b>	100-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.10.1999, GGa (Melby & Gaarder 2001)

### Områdeskildring

*Generelt:* Frodig lauvskog med innslag av ein-skilde kravfulle artar. Lokaliteten kan klassifiserast som frodig, eldre bjørkeskog, kystutforming med potensiale for kravfulle, fuktrevande lavartar.

*Vegetasjon:* Frodig bjørkeskog, dels med høgstauder.

*Kulturpåverknad:* I liten grad påverka, men granplantefelt i omjevnadene.

*Artsfunn:* Et par noko sjeldne og kravfulle artar er påvist i denne lia, som skogstorr og sølvnever.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten inneheld frodig kystbjørkeskog med ein-skilde interessante artar, men han tilfredsstiller truleg ikkje kriterier til B.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er i første rekke sårbar for innvandring av gran og platanlønn (begge artar er på veg inn), men også for hogst, treslagsskifte og fysiske inngrep.

## 36 Solnørdalen: Solnørdalslia (kystfuruskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-36
--------------------------	---------

**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 853 318  
**Høgde over havet:** ca 100 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Kystfuruskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 07.05.2002, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvendt skogsteig nord for Dekkjavatnet og vest for Barlindhaugen i forlenginga av Furlirørene austover. Furu er dominerande treslag. Avgrensinga er unøyaktig. Det ser ut til at heile lokaliteten tilhøyrer Ørskog kommune.

*Vegetasjon:* Hasselrik furuskog med noko gammal osp og bjørk.

*Kulturpåverknad:* Ein del gran er planta i tilgrensande teigar. Ei kraftline står i nedkant (sør) av lokaliteten.

*Artsfunn:* Mest interessant i området er førekomst av barlind. I alt står her om lag 10 barlindar, den største opp mot 10 m høg. Alle plantene er skada av beiting frå hjort. Elles vart det funne sanikel og dei kravfulle skorpelavane *Megalaria grossa* og *Thelotrema lepadinum*.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er kystfuruskog med barlind og eit par kravfulle skorpelav.

#### Skjøtsel og omsyn

Barlinda er her som andre stader sårbar for skadar som følgje av hjortebeite (alle plantene er skada av beiting frå hjort). I tillegg er ho sårbar for treslagsskifte til gran og omfattande hogst.

### 37 Solnørdalen: aust for Barlindhaugen (slåtteenger)

**Lokalitetsnummer:** 1523-37  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 871 324  
**Høgde over havet:** 170 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtteenger  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Attgroing, granplanting  
**Undersøkt/kjelder:** 28.07.2001, DH & Lars Inge Nakken

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ei gammal slåtteeng tilhøyrande den øvste garden i grenda Barlindhaugen.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng.

*Kulturpåverknad:* Ein del gran er planta i enga.

*Artsfunn:* Det er gjort funn av raudlistearten solblom, med ca. 50 blomstrande.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av middels rike førekomstar av raudlistearten solblom i ein lokalitet som står i fare for å gro att.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at området vert slått eller beita, elles vil attgroinga gjera tilhøva ugunstige for solblomen, og han vil forsvinna. Grana bør fjernast før ho veks til.

### 38 Solnørdalen: sør for Akslevollvatnet (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1523-38  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 879 339  
**Høgde over havet:** 184 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Forureining, fysiske inngrep, forstyrning  
**Undersøkt/kjelder:** Frøland (1999), Holtan (1995), Melby & Gaarder (2001), 28.07.2001, DH & Lars Inge Nakken, 18.06.2002, DH, 19.07.2002, TCM & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Akslevollvatnet er eit relativt grunt vatn som er middels næringsrikt (viltlokalitet). Avgrensinga for rikmyra omtalt nedanfor er sør for granplantasjen og aust for kulturlandskapet på Akslevollen, og inkluderar elveutlaupet på begge sider. Omkransa av skog og noko dyrkamark.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr.

*Kulturpåverknad:* Vatnet har truleg fått tilført noko næring frå nydyrkingsfelt i nedbørfeltet i dei seinare åra.

*Artsfunn:* Det vart notert rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, jåblom, engstorr, klubbstorr, svarttopp og stortviblad i område inntil sørenden av vatnet (vestsida). Klubbstorr er ein litt basekrevjande art som her har ein utpostlokalitet, og står også rikeleg i utlaupsosen. Elva, kantskogen og myra var beiteområde for raudlistearten dvergflaggermus sommaren 2002.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er ein mindre rikmyrlokalitet.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje drenere, byggje ut eller treslagskifte områda inntil vatnet.

## 39 Solnørdalen: Sætrelia (kystfurskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-39
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 85-86, 33
<b>Høgde over havet:</b>	180-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Kystfurskog, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Store vinterstammar av hjort, flatehogst/treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.05.1999 og 01.06.2002 (Holtan 1999a, 2001)

### Områdeskildring

*Generelt:* Sætrelia ligg dels i Ørskog, dels i Skodje (sjå omtale også her). Dette området huser den største barlindbestanden i Møre og Romsdal. Området strekkjer seg frå Ospehaugen i vest (på sørsida av skogsvegen ved Apalviksætra) innover mot Sætrelia og følgjer denne i om lag 200-300 meters høgde om lag 600 meter inn i Ørskog kommune. Området ligg rett sør og aust for Apalviksætra, og er eksponert mot sørvest. Området er saman med Fyllingslia i Skodje og Barlindneset i Ørsta det viktigaste for barlind nord for Flora i Sunnfjord. I Sætrelia er det både fleire plantar og betre kvalitet på mestedelen, og framfor alt særleg god forynging i høve til andre barlindområde i fylket, også i høve til området i Fyllingslia.

*Vegetasjon:* I sjølve Sætrelia i aust er det furu- og lauvskog (mest bjørk, noko hassel og alm) med blåbær- og småbregnevegetasjon, medan den delen som ligg ved Ospehaugen er blåbærfurskog.

*Kulturpåverknad:* Mykje av Sætrelia er splitta opp av mindre hogstflater, vegar og plantefelt. Platanløna kjem inn som ei følgd av dette, på Ørskogsida jamvel i bestand, men ho spreier seg i heile lia. Det er registrert hogst av barlind.

*Artsfunn:* Mest interessant i området er førekomst av barlind. Det vart i heile lokaliteten (både Skodje- og Ørskog-sida, om lag halvparten i kvar kommune) talt opp 164 plantar med stort og smått, daude og levande, men her er truleg fleire. Forynginga må seiast å vere god (talt 55 unglplantar i storleiken 30 cm til om lag 1,5 m høge), truleg den beste i fylket og den beste nord for Sunnfjord. Mest alle gamle plantar har beiteskadar etter hjortedyr, og dette gjeld òg dei fleste unglplantane i Sætrelia. Det var difor særleg overraskande å notere heilt uskadde plantar i delområdet ved Ospehaugen, jamvel med intakte seinkarar (nedbøygde greiner som kan setje røter), og eit fleirtal av unglplantane her er fine å sjå til. Truleg er her såpass med snø at hjorten trekkjer vekk om vinteren. På barlind er sopparten *Capnobotrys dingleyae* funnen. Denne var ikkje kjent frå Noreg før han vart oppdaga spreidd på barlind på Sunnmøre for eit par år sidan. Av planter er det m.a. notert breiflangre, firblad, furuvintergrøn, jordnøtt, liljekonvall, myske, olavsstake, ramslauk, sanikel, skogfredlaus og trollbær. I 1994 vart det påvist hekking av tretåspett ved LQ 867 327 (Skudal 1995). Dette er ein svært sjeldan hekkefugl på Sunnmøre. Storfugl og den raudlista kvitryggspetten hekkar i området.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er ein sers viktig bestand av barlind, ein av dei viktigaste lokalitetane i arten sitt kjerneområde på Nordvestlandet. I tillegg har lokaliteten og andre kvalitetar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje utføra meir treslagskifte i området. Vinterstammene av hjort burde ha vore mindre tette enn dei er i dag. Barlind må ikkje hoggast. Platanløna burde ha vore fjerna. Ein skjøtelsplan for barlinden er ønskjeleg.

## 40 Sjøholtsetrane (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-40
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 888 327
<b>Høgd over havet:</b>	240-260 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1999), 28.07.2001, DH, Lars Inge Nakken

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit ganske stort, ope seterområde i ei vestvendt helling nær Akslevollvatnet. Bakkane er dels ganske fuktige med myrlendt mark, dels med ein god del einerbakkar og høgt gras.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4), sølvbunkeeng (G3), blåbærdominert open mark, fattig myr og bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Det er bygd ein god del hytter. Området har dårleg beitetrykk og er prega av attgroing (1995). Attgroinga har heldt fram siste åra. Marka er kalkfattig og er truleg ikkje mykje gjødsla i nyare tid.

*Artsfunn:* Det vart funne 32 planteartar, av desse 15 naturengantar. Heiblåfjør, heisiv og kystmyrklegg understrekar kystpreget. Det vart vidare funne 1 vanleg beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette er ei naturbeitemark med eit nokså trivielt artsutval, og som er i attgroing, og ikkje tilfredsstillar kriteria for B.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at området vert beita også i framtida.

## 41 Solnørdalen: Kamben/Furenakken (barlind)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-41
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 881 342
<b>Høgd over havet:</b>	220-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kystfurusog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Flatehogst, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.04.1999 og 05.07.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Rik blandingsskog med innslag av ein del barlind. Barlind er eit sjeldsynt treslag på Nordvestlandet, og dette er ein av dei nordlegaste førekomstane.

*Vegetasjon:* Blandingsskog med grår, bjørk, alm, hassel og furu på frisk til fuktig grunn.

*Kulturpåverknad:* Noko hogst i sørenden, elles lite påverka i nyare tid. Tidlegare har her truleg vore beita og slått. Nokre ungdyr beitar framleis.

*Artsfunn:* Mest interessant i området er førekomst av barlind. Av 30 talte planter, var ein tredel småplanter i storleiken 50 cm til 1,5 m. Barlindbestandar med god forynging er sjeldan i Møre og Romsdal. Elles m.a. taggbregne og alm.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er edellauvskog og kystfurusog med gode førekomstar av barlind.

### Skjøtsel og omsyn

Barlinda er her som andre stader sårbar for skadar som følgje av hjortebeite (alle plantene er skada av beiting frå hjort). I tillegg er ho sårbar for treslagsskifte til gran og omfattande hogst.

## 42 Solnørdalen: Løkmyrane (rikmyr m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-42 (Naturbasen 152304402)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 88-90, 35-36
<b>Høgd over havet:</b>	190-240 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr

<b>Naturtype:</b>	Rikmyr m.m., viltområde
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hytte- og vegbygging, andre fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.09.1958, Bjarne Mathiesen, 12.07.1971, A. Skogen & E. Fremstad, Samlet Plan for vassdrag 1984, Loen (1991), Frøland (1999), Holtan (1999), Michaelsen m.fl. (2000), 05.07.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av myr i stor open dal søraust for Svartløkvatnet, vest for Løkelva. Austsida av denne vert handsama som eigen lokalitet. Lokaliteten strekkjer seg vestover til kommunegrensa som følgjer elva frå Svartløkvatnet til Mevatnet. Store bakkemyrar og flatmyrar dominerar landskapet i tillegg til bjørkeskog. Området er viktig som hekkeplass og næringsområde for mange våtmarksfuglar, mellom dei fleire regionalt sjeldne artar.

*Vegetasjon:* Myrområda er stort sett fattige, men også med innslag av rikmyr, særleg vestover mot Mevatnet.

*Kulturpåverknad:* Området er mykje påverka av nyare inngrep, og det har føregått vegbygging, myrgrøfting og granplanting i kantsoner. Området er eit mykje nytta utfartsområde vinterstid, og har fleire hytter.

*Artsfunn:* Mest interessant floristisk sett er førekomstar av engmarihand (ikkje attfunne i 2002), elles myggblom, engstorr og nøkkesiv. Trane opptre i hekketida, gluttsnipe har hekka i åra 1989-1996, men ho ser ut til å vere forsvunne (dette var den einaste hekkepassen som var kjend på Sunnmøre). Elles er her òg mange spurvefuglar, og til saman hekkar 30-40 fuglearter i området.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er eit større myrområde, men bortsett frå mindre rikmyrinnslag (<50 dekar), er det ingen naturtypar som inngår i DN (1999a). Lokaliteten utgjer ein sentral del av eit av dei største og viktigaste høgareliggjande myr- og våtmarksområda på Sunnmøre, med førekomst av fleire regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Området er sårbart for grøfting og bygging av vegar og hytter som medfører auka forstyrning.

## 43 Ørskogfjellet: aust for Løkelva (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-43
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 909 355
<b>Høgde over havet:</b>	190-280 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.09.1958, Bjarne Mathiesen, 12.07.1971, Asbjørn Moen, Eli Fremstad, 27.06.2001, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området er avgrensa på austsida av Løkelva, frå Svartløkvatnet eit stykke opp i Skållia (opp til 280 m o.h.) om lag fram til nydyrkingsfeltet vest for Nysætervatnet. Mellom eit par elvesvingar (LQ 911 351) er eit lite stykke på vestsida av elva teke med på grunn av ei stor førekomst engmarihand (59 plantar).

*Vegetasjon:* Store område med open bakkemyr i mosaikk med sumpskog, vierkjerr (viersump) og tresett myr. Mestdelen av myra må seiast å vere fattig, men rike sig og søkk finst spreidd i heile lokaliteten.

*Kulturpåverknad:* Området er beita av sauer. Nokre få dyr vart sett ved besøket i 2002. Området har truleg vore hausta med slått eller beiting i tidlegare tider.

*Artsfunn:* To delbestandar av engmarihand er mest interessant (LQ 911 351 vest for elva og LQ 911 354 aust for elva). Elles spreidd, men lokalt rikeleg av rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, fjelltistel, gulstorr, jåblom, loppstorr, skavgras og svarttopp. Av desse er breiull og gulstorr dei mest talrike.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit stort og intakt myrområde med mindre rikmyrreal (<50 dekar) og fleire av dei artane ein kan venta å finna i rikmyr på Sunnmøre. Særleg engmarihand og skavgras trekkjer verdien opp.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep. Det er likevel ein føremon for dei biologiske verdiane om beitinga kan halde fram på dagens nivå eller helst aukast noko.

## 44 Solnørdalen: Svartløken (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-44
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 905 353
<b>Høgde over havet:</b>	210 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.09.1995, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997, 1999)

### Områdeskildring

*Generelt:* Svartløk-setrane ligg ved Løkelta som renn frå Nysærvatnet på Ørskogfjellet til Svartløkvatnet.

*Vegetasjon:* Det er mest kalkfattig fastmark av typen frisk fattigeng (G4) med kystmaure.

*Kulturpåverknad:* Området vart beita av storfe og sau. Beitetrykket var bra ved besøket.

*Artsfunn:* Det vart funne 26 planteartar, av desse 8 naturengartar. Kystmaure var den mest utprega kystplanta.

Det vart vidare funne 4 artar av beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at dette er ei naturbeitemark med eit relativt trivielt artsutval, og som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at området vert beita også i framtida.

## 45 Ørskogfjellet: Måslia naturreservat (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1523-45 (Naturbasen 152304402)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 94-98, 33-35
<b>Høgde over havet:</b>	350-520 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, terrengdekkjande myr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna som naturreservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	25.06.1975, A. Moen (Moen 1984), Naturbasen, 06.07.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Myr i stor open dal på Ørskogfjellet. Ein del av området ligg i Vestnes kommune. Tilsaman er 9 km<sup>2</sup> verna som myrreservat. Dalbotnen er trelaus, medan det i dalsidene veks frodig fjellbjørkeskog. Fleire bekkar og elvar deler opp myrområda. Store bakkemyrer, ofte med kraftig helling, og flatmyrer dominerer landskapet. Mindre førekomstar av terrengdekkjande myr og overgang mot fukthei. Erosjon er vanleg. Torvlaget er tynt, sjeldan over 1 meter.

*Vegetasjon:* Fattig myrvegetasjon på fastmatte er dominerande, men det er også nokså vanleg med nedbørsmyr, medan intermediær myr og rikmyr berre dekkjer små areal, mest i nord.

*Kulturpåverknad:* Området vert bruka til sauebeite, og er eit mykje nytta utfartsområde vinterstid. Nokre hytter. Ein veg går inn til Måslia frå europavegen.

*Artsfunn:* Mest interessant er mindre flekkar med førekomst av engmarihand. Elles er det notert: klokkelyng, korallrot, kystmyrklegg, heiblåfjør, fjelltistel, bjønnbrodd, grønstorr, breiull, ryllsiv, dysiv og heisiv. Vidare vart det ca. 1974 funne solblom (truleg > 100 ind.) ved Måslielva nær kommunegrensa mellom Ørskog og Vestnes (kjelde: Jarle Kristiansen). Mathiesen (1961) nemner at han har funne 37 lokalitetar av myggblom frå Ålesund, Skodje, Haram og Ørskog, men at arten er talrik berre på Ørskogfjellet. Vidare nemner han at nykkesiv stadvis har masseførekomstar i høgdeintervallet 300-400 m på Ørskogfjellet. Data om desse artane frå Måslia vantar.

*Verdsetting:* Området er gjeve nasjonal verdi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga 1998 og av Moen (1984). Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større myrområde, men med små areal av prioriterte naturtypar som rikmyr og terrengdekkjande myr.

### Skjøtsel og omsyn

Området er verna som reservat, og føremålet med det er å bevare området mest muleg urørt. Beiting er truleg positivt for naturverdiane.

## 46 Ørskogfjellet: ved Kvanndalssætra (rikmyr)

Lokalitetsnummer:	1523-46
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 938 321
Høgd over havet:	400-480 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	25.06.2001, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg nordaustvendt vest for Kvanndalssætra på Ørskogfjellet.

*Vegetasjon:* Fjellhei med dvergbuskar som t.d. krekling og røsslyng vekslande med fuktsig og bratt bakkemyr som har mykje bjønnskjegg og blåtopp.

*Kulturpåverknad:* Området er beita av sauer. Om lag 50 dyr vart sett i lokaliteten og opp mot Kråvatnet under besøket. Setrar (attgrodd) og veg i nedkant av lokaliteten.

*Artsfunn:* Størst interesse knyter det seg til funn av raudlistearten kvitkurle, som står spreidd i fleire småbestandar (LQ 937 321). Elles spreidd rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, jåblom, kattedot, loppestorr, svelttull og svarttopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre rikmyrområde (<50 dekar) med nokre interessante artar, særleg funn av raudlistearten kvitkurle.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle. Det er likevel ein føremøn for dei biologiske verdiane om beitinga kan halde fram på dagens nivå.

## Område med dårlege data eller usikker status

Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningliner for grenseoppangar mellom C (lokalt viktig) og "ikkje lokalitet".

Tabell 7. Område i Ørskog kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten. Interessante område som ikkje er undersøkte er tatt med her.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Solnørvika	LQ 816-828, 302-308	Naturrestat med dei største verdiane knytt til vilt, skildra som viltlokalitet. Sidan her og finst ålegras, kunne deler av lokaliteten vore avgrensa som undervasseng (dårlege data for avgrensing).
Sjøholt sentrum	LQ 878 298	Solblomlokalitet med 5-6 blomsterstenglar i 2001 (DH), kunne vore tatt med som småbiotop, men er ikkje avgrensa.
Sjøholt: Vallbøen under kraftlina	LQ 886 285	Solblomlokalitet med 2 blomsterstenglar i 2001 (DH), kunne vore tatt med som småbiotop, men er ikkje avgrensa.
Solnørdalen: aust for Barlindhaugen (1)	LQ 876 324	Solblomlokalitet med ca. 20 blomsterstenglar i 2001 (DH), kunne vore tatt med som småbiotop, men er ikkje avgrensa.
Solnørdalen: aust for Barlindhaugen (2)	LQ 875 322	Solblomlokalitet med 1 blomsterstengel i 2001 (DH), kunne vore tatt med som småbiotop, men er ikkje avgrensa.
Solnørdalen: Brautane	LQ 876 318	Solblomlokalitet med 3 blomsterstenglar i 2001 (DH), kunne vore tatt med som småbiotop, men er ikkje avgrensa.
Solnørdalen: sør for Liasetra	LQ 884 333	Liten barlindlokalitet som ikkje er tatt med (DH), kjem i skuggen av dei andre store lokalitetane i området.
Solnørdalen: Barlindhaugen	LQ 86-87 32	Lindmo m. fl. (1995) skildrar lokaliteten som "åsen vestover fra gården, 170-200 m o.h." Her skulle ifølgje grunneigar vera 10 større barlindar. Lokaliteten er svært dårleg stadfesta og truleg er dette det same som lokalitet 36 Solnørdalslia.
Ørskogfjellet: vest for Nysetervatnet	LQ 91-92, 34-35	Myrområde der bakkemyr og flatmyr dominerer. Små nedbørsmyr-parti som vert klassifiserte som terrengdekkjande myr. Det er likevel tvilsamt om lokaliteten fortener å verta avgrensa. Kjelde: Moen (1984), DH 2002, Einar Kystvåg pers. medd.



<b>Lokalitet</b>	<b>UTM</b>	<b>Kommentar</b>
Ørskogfjellet: Kvanndalssetra	LQ 940 322	Setrar i austvendt helling i Kvanndalen på Ørskogfjellet. Det er berre små parti med tørr fastmark (frisk fattigeng, G4). Det vart funne 31 planteartar, av desse 7 naturengartar, dessutan eit par soppartar. Kunne vore C-lokalitet, men er ikkje avgrensa. Kjelde: Jordal & Gaarder (1997).
Lisetvika	LQ 867 275	Svartorbekke i og nær strandsona (Folkestad & Bugge 1988). Kunne vore avgrensa som C-lokalitet, men dårlege data (ikkje reinventert).
Vestre: sør for utløpet av Vestre-elva	LQ 905 268	Kulturpåverka gråorskog med litt ask på grusøyr sør for elveutløpet. Kunne vore C-lokalitet, men er ikkje tatt med. Kjelde: Naturbasen, Folkestad & Bugge (1988).
Vagsvika: Sætra (1)	LQ 939 267	Solblomlokalitet med nokre blomsterstenglar i 2000, kunne vore tatt med som småbiotop, men er ikkje avgrensa. Kjelde: Gaarder & Jordal (2001) (truleg same stad også J. N. Kristiansen 25.07.1974)
Vagsvika: Sætra (2)	LQ 943 265	Solblomlokalitet med nokre blomsterstenglar i 2000, kunne vore tatt med som småbiotop, men er ikkje avgrensa. Kjelde: Gaarder & Jordal (2001).

# VILTREGISTRERINGAR

Prosjektet har omfatta litt viltkartlegging. Prioritert oppgåve har vore å supplera/oppdatera kommunen si oversikt av viltobservasjonar. Denne er overlevert til kommunen. Sidan oversikta inneheld ein del sårbare opplysningar er ho ikkje presentert her. Nedanfor er det berre tatt med omtale av eit utval område som har ein funksjon for vassfugl. Desse førekjem stort sett i kommunen sitt eksisterande viltkart, og ein har ikkje avgrensa desse lokalitetane i prosjektet.

## Sjøholt: Skråvikskjera

**Lokalitetsnummer:** Naturbasen 152300200  
**UTM (EUREF 89):** LQ 867 288  
**Høgde over havet:** 0-5 m  
**Undersøkt/kjelder:** Naturbasen, 06.06.2002, JBJ

### Områdeskildring

To små holmar som er hekkeplass for sjøfugl. Lokaliteten ligg på sørsida av Ørskogvika. Det eine skjeret har sparsamt med vegetasjon, og tener berre som kvileplass for sjøfugl. Det andre skjeret har også berre lite vegetasjon. Hekkeplass for fiskemåse, i mindre grad raudnebbterne og makrellterne. Av og til eitt par tjeld. I juni 2002 observert 11 gråmåse, ca. 15 fiskemåse, 1 hegge og 2 ternar. Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida.

## Solnørvika

**Lokalitetsnummer:** Naturbasen 152304002  
**UTM (EUREF 89):** LQ 816-828, 302-308  
**Høgde over havet:** 0-1 m  
**Undersøkt/kjelder:** Holten et al. (1986), Oterhals (1995), Melby & Gaarder (2001)

### Områdeskildring

Naturrestat i indre del. Inste del av vika ligg i Skodje, vestre del i Ørskog. Lokaliteten er ein godt skjerma vågos med gruntvassområde. Lokaliteten er lite påverka av inngrep. Han har lokal verdi som overvintrings- og rasteplass for våtmarksfugl, og viktig funksjon for andre våtmarkstilknytte fuglearter. Dei delene som tilhøyrer Ørskog, ligg i ytre og vestre del av vika, og har mest viltfunksjon. M.a. overvintring av songsvane. Relativt artsfattig strandeng med 24 artar totalt i begge kommunane (Holten m. fl. 1986), det er uvisst kor mykje av dette som finst i Ørskog. I tillegg finst det litt ålegras også på Ørskogsida ut mot Langskipsholmen.

## Solnørvika: Tennholmen

**Lokalitetsnummer:** Naturbasen 152304001  
**UTM (EUREF 89):** LQ 808 293  
**Høgde over havet:** 0-ca. 5 m  
**Undersøkt/kjelder:** Naturbasen

### Områdeskildring

Ein liten holme som er hekkeplass for sjøfugl. Lokaliteten ligg vest for Langskipsøyna ytst i Solnørvika.

## Mevatnet

**UTM (EUREF 89):** LQ 871-884, 340-352  
**Høgde over havet:** 186 m  
**Undersøkt/kjelder:** Samla Plan for vassdrag (1984), Loen (1991), Frøland (1999), Melby & Gaarder (2001)

### Områdeskildring

Mevatnet utgjer ein del av eit større våtmarkssystem som dels ligg i Ørskog, dels i Skodje og Vestnes. Vatnet er nokså næringsfattig, men har truleg fått tilført noko næring frå nydyrkingfelt i nedbørfeltet i dei seinare åra. Vatnet vert bruka noko som næringsområde for andefugl. Innslag av flyteblad- og langskotvegetasjon. Omkransa av myrar, i mindre grad skog. Vatnet har truleg fått tilført noko næring frå nydyrkingfelt i nedbørfeltet i dei seinare åra. Vatnet er eit viktig næringsområde for andefugl, m.a. stokkand, krikand, kvinand,

toppand og siland. Også den raudlista storlomen hekkar i vatnet frå tid til anna, men han har no ikkje hekka på rundt 10 år. Fuglelivet er sårbart for forstyrning og inngrep i våtmarksområda.

## Akslevollvatnet

**UTM (EUREF 89):** LQ 879 339  
**Høgd over havet:** 184 m  
**Undersøkt/kjelder:** Samla Plan for vassdrag (1984), Loen (1991), Frøland (1999), Holtan (1995), Melby & Gaarder (2001), 28.07.2001, DH & Lars Inge Nakken, 18.06.2002, DH, 19.07.2002, TCM & JBJ

### Områdeskildring

Akslevollvatnet er eit relativt grunt vatn som er middels næringsrikt. Flyteblad- og langskotvegetasjon med mykje nykkerose, elvesnelle og flaskestorr. Omkransa av skog og noko dyrkamark. Rikmyr i sørenden. Vatnet har truleg fått tilført noko næring frå nydyrkingsfelt i nedbørfeltet i dei seinare åra. Vatnet er eit viktig næringsområde for andefugl, m.a. songsvane, stokkand (har hekka), krikkand (kan ha hekka) toppand (har hekka), kvinand og brunnakke (kan ha hekka), spesielt i trekktidene. Også fleire sjeldne og kravfulle artar er observert (dvergdykkar, stjertand, skeiand og svartand). Fiskeplass for den raudlista storlomen om våren. Beiteområde for raudlistearten dvergflaggermus sommaren 2002. Ein bør ikkje drenere, bygge ut eller treslagskifte områda inntil vatnet.

## Svartløkvatnet med myrområde

**Lokalitetsnummer:** Naturbasen 152304402  
**UTM (EUREF 89):** LQ 88-90, 35-36  
**Høgd over havet:** 190-240 m  
**Undersøkt/kjelder:** Samlet Plan for vassdrag 1984, Loen (1991), Frøland (1999), Holtan (1999), Michaelsen m.fl. (2000), 05.07.2002, DH

### Områdeskildring

Området er viktig som hekkeplass og næringsområde for mange våtmarksfuglar, mellom dei fleire regionalt sjeldne artar. Området er mykje påverka av nyare inngrep, og det har føregått vegbygging, myrgrøfting og granplanting i kantsoner. Området er eit mykje nytta utfartsområde vinterstid, og har fleire hytter. Trane opptrer i hekketida, gluttsnipe har hekka tidlegare. Songsvane har hatt tilhald over sommaren. Den raudlista storlomen ser ut til å ha forsvunne. Av andefuglar hekkar fleire artar grasender, mellom anna den regionalt sjeldne brunnakken, det same gjeld for toppand (sporadisk), kvinand og siland. Jamvel gluttsnipa hekka her i åra 1989-1996, men ho ser ut til å vere forsvunne (dette var den einaste hekkepassen som var kjend på Sunnmøre). Elles er her òg mange spurvefuglar, og til saman hekkar 30-40 fugleartar i området. Lokaliteten utgjer ein sentral del av eit av dei største og viktigaste høgareliggjande myr- og våtmarksområda på Sunnmøre, med førekomst av fleire regionalt sjeldne artar.

## Nysetervatnet naturreservat

**Lokalitetsnummer:** Naturbasen 152305710  
**UTM (EUREF 89):** LQ 923-943, 343-355  
**Høgd over havet:** 297-330 m  
**Undersøkt/kjelder:** Samla Plan for vassdrag (1984), Loen (1991), Frøland (1999), Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga (1982, 1999), Moen (1984), Naturbasen

### Områdeskildring

Verna som naturreservat (våtmark) 27.05.1988. Lokaliteten inneheld ingen prioriterte naturtypar, men er ein viktig viltlokalitet. Grunt, tildels vegetasjonsrikt fjellvatn med opne myrer og heiområde ikring. Hekkeområde og rasteplass for fugl under trekk. 8 (hekkande) vassfuglartar av regional interesse. Området har og botaniske førekomstar som har regional interesse (myrvegetasjon). Området er verna som våtmarksreservat saman med tilgrensande areal i Vestnes kommune. Nysætervatnet er det einaste fjellvatnet som er verna som våtmarksreservat. Området ligg også innafor det varig verna Solnørvassdraget (verneplan IV). Myrene vest for vatnet omtala av Moen (1984) er fattige, mindre interessante og ikkje avgrensa (undersøkt av Dag Holtan i 2002 og også av Einar Kongshaug same år i samband med ei utgreiing for Forsvaret, begge pers. komm.). Vatnet har høgstorrsump og langskotvegetasjon. Myrområda er dels fattige, dels ombrotrofe. Området er attraktivt i rekreasjonssamanheng, særleg i vinterhalvåret. Hytter og vegar inntil området. Mest interessant botanisk er førekomst av sjøsivaks i vatnet. Av fugl er det registrert hekkande mange vassfuglartar. Av augnestikkarar er det observert brun augestikka (*Aeshna grandis*), firefleck-libelle (*Libellula quadrimaculata*), fjellaugestikka

(*Aeshna caerulea*), myr-metallaugestikkar (*Somatochlora arctica*), raud vassnymfe (*Pyrrhosoma nymphula*), stor blāvassnymfe (*Enallagma cyathigerum*), vanleg augestikkar (*Aeshna juncea*), vanleg metallaugestikkar (*Somatochlora metallica*).

# RAUDLISTEARTAR

## Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar og tillegg av fleire organismegrupper (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Ørskog. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr m.m. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Tabell 8. Oversikt over funn av raudlistearter i Ørskog av gruppene biller (Col), lav (L), sommarfuglar (Lep), mosar (M), blautdyr (Mol)augnestikkarar (Odo), planter (P), og sopp (S). Forkortingar for raudlistekategoriar er vist, like eins forkortingar for personnamn. 61 funn av offisielle raudlistearter.

Finnarar		Raudlistekategoriar		Grupper	
DH	Dag Holtan	Ex	utdøydd	Col	biller
FO	Finn Oldervik	E	direkte truga	L	lav
GGa	Geir Gaarder	V	sårbar	Lep	sommarfuglar
JBj	John Bjarne Jordal	R	sjeldan	Mol	blautdyr
KJG	Karl Johan Grimstad	DC	omsynskrevande	Odo	augestikkarar
PL	Perry Larsen	DM	bør overvakast	P	planter
		K	kandidat til raudlista (gjeld skorpelav)	S	sopp

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
Col	<i>Agelastica alni</i>	blå orebladbill	V	Ørskog	før 1870	SIE=Johan Henrik Spalckhauer Siebke	uplasserbar
L	<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	kastanjelav	DC	Viset	24.04.1999	GGa, FO, DH, KJG	LQ 920 252
Lep	<i>Diasemia reticularis</i>	-	E	Ørskog	før 1900	W. M. Schøyen	uplasserbar
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	Solnørelva	ca. 2000	Helga Færøy medd. JBJ	LQ 862 315
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	Solnørelva	24.04.2003	Helga Færøy & JBJ	LQ 862 315
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	Solnørelva ovafor brua	24.04.2003	Helga Færøy & JBJ	LQ 866 318
Odo	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikkar	R	Solnørelva	01.08.1997	DH	LQ 852-858, 316
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Akslevollen	18.06.2002	DH	LQ 878 327
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Apelset	23.07.1930	R. Tambs Lyche	LQ 83-84, 29
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Bårdsgjerde: Martinusgarden	19.07.2002	JBj	LQ 8915 3041
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Ikkje oppgjeve	1800-talet	Lid: herb Aasen	uplasserbar
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Li	28.07.2001	DH	LQ 873 306
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt	21.08.2001	DH	LQ 878 298
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt	27.06.1938	Sørlye, F. Ch.	LQ 86-87, 29-30
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt	1792?	Druce	LQ 86-87, 29
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt: Ovafor tettbebyggelsen i Ørskog	29.06.1965	Engelskjøn, Torstein; Bråthen, Gunnar	LQ 87 30
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt: Valgjerdmo, i vegkant (Giskemo)	31.07.2000	GGa & JBj	LQ 898 292
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt: Vallbøen-Nedrevoll	21.08.2001	DH	LQ 884 285

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt: ved Vallbøen, under kraftlinja	28.07.2001	DH	LQ 886 285
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sjøholt: ved Vallbøen, vest for vegen	28.07.2001	DH	LQ 886 288
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sollisetra	21.08.2001	DH	LQ 955 274
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Solnørdalen	28.07.2001	DH	LQ 876 318
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Solnørdalen: Barlindhaug	28.07.2001	DH	LQ 875 322
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Solnørdalen: Barlindhaug	28.07.2001	DH	LQ 876 324
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Solnørdalen: Barlindhaug	09.07.1991	Skogen, A., Lindmo, S.	LQ 87 32
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Solnørdalen: Barlindhaug	28.07.2001	DH	LQ 871 323
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Solnørdalen: på beiter langs Solnørelven, bare 1 eks. ble sett på elvens sydsida	07.08.1972	R. Nordhagen	LQ 86 31
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Sæter, fuktig engbakke 210 m o.h.	25.07.1974	J. N. Kristiansen	LQ 938 269
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vagsvik: Sollia	31.07.2000	GGa & JBJ	LQ 9215 2705
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vagsvik: Sollia	31.07.2000	GGa & JBJ	LQ 9236 2711
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vagsvik: Sollia	31.07.2000	GGa & JBJ	LQ 9259 2705
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vagsvik: Sætra, ca. 20 m ovafor vegen, oversida av gravd kanal ovafor vegen	31.07.2000	GGa & JBJ	LQ 937 267
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vagsvik: Sætra, nedanfor vegen	31.07.2000	GGa & JBJ	LQ 943 265
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Viset	31.07.2000	GGa & JBJ	LQ 922 257
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	Amdam. I småskog nær Amdamsjøen. Trolig utgått, ettersøkt fleire gonger i 2000 (DH)	03.06.1960	Elisabeth Hellevik & Haldis Hoel	LQ 885 273
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	Amdam. I småskog. Trolig utgått, ettersøkt fleire gonger i 2000 (DH)	20.06.1962	Bjarne Mathiesen	LQ 88 27
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	Viset	00.06.1987	BJJ & O.A. Bugge	LQ 917 253
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	Viset	13.06.1998	DH, KJG	LQ 917 253
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	Viset	31.07.2000	DH, KJG	LQ 917 253
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Akslevollen	18.06.2002	DH	LQ 877 326
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Sollisetra	21.08.2001	DH	LQ 955 273
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Stiggrova	25.06.2002	DH	LQ 916 303
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	vest for Kvanndalssetra	25.06.2002	DH	LQ 938 320
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Visetbotnen	21.07.2002	DH	LQ 948 250

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	V-sida av Lauparen	30.07.1944	R. Nordhagen	MQ 00-02, 25-26
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Ørskog	03.07.1907	Th. Hesselberg	uplasserbar
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Ørskog	19.06.1906	Th. Hesselberg	uplasserbar
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	øst for Litlebottselva	31.07.2002	DH	LQ 998 234
S	<i>Entoloma euchroum</i>	indigoraudskivesopp	R	Sjøholtlia	04.10.2002	DH	LQ 854 301
S	<i>Hydnellum conrescens</i>	beltebrunpigg	DC	Viset	02.10.2001	PL	LQ 919 253
S	<i>Kavinia himantia</i>	narrepiggsopp	DC	Sjøholt	25.04.1999	GGa, DH, KJG	LQ 858 300
S	<i>Kavinia himantia</i>	narrepiggsopp	DC	Sjøholtlia	04.10.2002	DH	LQ 856 302
S	<i>Mutinus caninus</i>	dvergstanksopp	DC	Viset	02.10.2001	PL	LQ 919 253
S	<i>Mycena renati</i>	prydhette	R	Sjøholtlia	04.10.2002	DH	LQ 854 300
S	<i>Mycena renati</i>	prydhette	R	Viset	09.08.2001	DH	LQ 920 251
S	<i>Mycena renati</i>	prydhette	R	Viset	16.07.2002	DH, PL	LQ 920 252
S	<i>Mycena renati</i>	prydhette	R	Viset	09.08.2001	DH	LQ 916 253
S	<i>Peziza succosa</i>	gulnande begersopp	DC	Viset	09.08.2001	DH	LQ 917 253
S	<i>Phellinus ferruginosus</i>	rustkjuke	DC	Gausneset	17.07.2002	DH	LQ 8526 2744
S	<i>Phellodon niger</i>	svartsølvpigg	DC	Haukåsen	22.08.2003	DH	LQ 888 294
S	<i>Porphyrellus porphyrosporus</i>	falsk brunskrubbe	DC	Viset	09.08.2001	DH	LQ 919 252



## Sopp

Det er kjent godt over 7000 soppartar i Noreg, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). Tabell 8 viser kva artar og funn som er kjent frå Ørskog. Dei fleste av desse er knytt til kulturlandskapet.

I Ørskog er det kjent 10 raudlista soppartar, av desse 2 i kategori sjeldan (R) og 8 i kategori omsynskrevande (kategori DC). Sopp er ei stor gruppe der ein må rekna med at det meste er uoppdaga.

## Lav

Det er kjent 1 offisielt raudlista lavart frå Ørskog (kastanjelav), og ingen av dei skorpelavane som er kandidatartar til raudlista.

## Planter

I Ørskog er det kjent 3 raudlista planteartar (2 DC og 1 DM). To av desse (solblom og kvitkurle) er knytt til kulturlandskapet. Den tredje er kvit skogfrue som er knytt til kalkskog.

## Virvellause dyr

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av sommarfuglar er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001) med bakgrunn i Aarvik m. fl. (2000). Statsentomolog W. M. Schøyen reiste på Sunnmøre og skreiv om sommarfuglfunna sine (Schøyen 1883). Stadfestinga er jamt over dårleg, og kommunegrensene var også annleis. Eitt funn av raudlistearten *Diasemia reticularis* er oppgjeve frå "Ørskog" utan at ein kan vita kvar dette er. Sameleis er det med eit gammalt, dårleg stadfesta billefunn. Eit viktig funn i moderne tid er kongeaugestikkar i Solnørelva, funnen av Dag Holtan i 1997. Dette er ein kravfull art som fint mest i små kystvassdrag. Insekt er ei stor gruppe der ein må rekna med at det meste er uoppdaga. Elles finst elvemusling sparsamt i Ørskogdelen av Solnørelva. Denne arten er svært utsett for forureining, og er svært fåtalig her.

## Fugl og pattedyr

Tabell 9. Raudlista viltartar som har eller kanskje har hekka eller yngla i Ørskog. Kjelder: oppdatert viltregister m.m.

Norsk namn	Latinsk namn	Raudlistestatus
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	DC
Gråspett	<i>Picus canus</i>	DC
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	DC
Hønsenhauk	<i>Accipiter gentilis</i>	V
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	V
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	R
Kvittryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	V
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	DC
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	DC
Trane	<i>Grus grus</i>	DM
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	V
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	E
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	DM
Nise	<i>Phocoena phocoena</i>	DM
Oter	<i>Lutra lutra</i>	DM
Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	DM
Skimmelflaggermus	<i>Vespertilio murinus</i>	DM

Andre raudlista fugleartar som ikkje hekkar/ynglar, men er observert i andre samanhengar: bergand, havelle, lunde, lomvi, jaktfalk, myrhauk, natteramn, sædgås, sjøorre, skeiand, snøugle, songsvane, stjørtand, svartand, teist, vandrefalk og vassrikse.

# KUNNSKAPSSTATUS

## Oppsummering av datagrunnlag etter dette prosjektet

Kunnskapsstatus for prioriterte naturtyper og nokre organismegrupper er vurdert og kommentert i tabell 10 og 11 nedanfor. Når det gjeld naturtypar, er det særlig ein del av hei-områda som er dårleg kjent. Det er også manglar når det gjeld havstrand og kulturlandskap utanom hei. Reint marine miljø vert overlevert til kartlegging av marine område (eigen handbok).

Tabell 10. Vurdering av kunnskapsstatus for prioriterte naturtypar.

Naturtype	Kommentar
Havstrand/kyst	Kunnskapsstatus for strandsona er truleg middels, sidan det er relativt lite av dei typane som skal kartleggast ut frå kart. Reint marine miljø som undervassenger med ålegras ute i sjøen er ikkje prioritert. Det kan vera ålegrasenger i Solnørвика og Ørskogvika.
Kulturlandskap	Kunnskapsstatus for naturbeitemark er middels, og truleg kan det finnast fleire små slåtteenger enn dei vi har oppdaga.
Ferskvatn	Det står att litt når det gjeld m.a. bekkedrag og fisketome tjøenner, og her vil ein gjetta på at det kan finnast lokalitetar som tilfredsstillar kriteria for avgrensing.
Rasmark, berg og kantkratt	Denne naturtypen er representert i kommunen, men ikkje prioritert i undersøkingane. Kunnskapen er derfor under middels. Ein reknar med å ha fått med nokre av dei viktigaste.
Myr	Naturtypen er godt representert i kommunen, og tidkrevande å kartleggja. Myr må seiast å vere under middels godt kartlagt, men ein kjenner brukbart dei største og kanskje viktigaste lokalitetane. Små rikmyrer er ofte vanskelege å finna.
Skog	Skogen i Ørskog har viktige lokalitetar av kystfuruskog og edellauvskog, m.a. med viktige barlindbestandar. Elles finst sumpskog med svartor fleire stader. Ein har hatt for lite tid til denne krevande naturtypen, og kunnskapsstatus må truleg vera under middels.
Fjell	Søraustlege deler mot Lauparen og Skorkjene inneheld kalkrike bergartar, er krevande å kartleggja, og kunnskapen er truleg under middels.

Tabell 11. Vurdering av kunnskapsstatus for nokre organismegrupper (virveldyr er ikkje vurdert).

Gruppe	Kommentar
Insekt	Omtrent ukjent.
Planter	Middels godt kjent.
Mosar	Dårleg kjent.
Lav	Organismegruppa er totalt sett nokså dårleg kjent.
Sopp	I einskilde miljø som naturbeitemarker er sopp middels godt kjent, men i skogområda er organismegruppa dårleg kjent.

Kunnskapsstatus for organismegrupper kan i sum reknast å vera dårleg kjent til bortimot ukjent for andre organismegrupper enn planter (og sopp i beitemarker). Virveldyr er som nemnt ikkje vurdert (inngår i viltkartlegging).

## Behovet for vidare undersøkingar

Ørskog er ein interessant kommune når det gjeld m.a. ulike skogtypar, rikmyr og slåtteeng/naturbeitemark. Det er viktig å rette vidare undersøkingssinnsats mot naturtypar og grupper der kunnskapsstatus er rekna som dårleg i tabell 10 og 11. Den føreliggjande rapporten kan synast omfangsrik, men i røynda avdekkjer ein her berre ein mindre del av det biologiske mangfaldet i kommunen. Kunnskapsgrunnlaget er vorte betre med denne rapporten, men langt frå godt nok.

# KJELDER

## Generell litteratur

Litteraturen nedenfor er av generell art, som metodikk, bestemmelseslitteratur, generell økologi, raudlister m.m., og inneheld ikkje spesifikk informasjon frå Ørskog.

- Boertmann, D., 1995: Vokshatte. Nordeuropas svampe - bind 1. Foreningen til Svampekundskabens Fremme. 184 s.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1996: Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 110 s.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1999a: Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1999b: Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 161 s.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2001: Kartlegging av marine områder. DN-håndbok 19.
- Fremstad, E. & Moen, A. (red.), 2001: Truede vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.
- Fremstad, E., 1997: Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Gulden, G., E. Bendiksen, T. E. Brandrud, L. Ryvarden, S. Sivertsen & O. Smith, 1996: Norske soppsnavn. Fungiflora. 137 s.
- Hafsten, U., 1972: Plantegeografi. Tapir. 125 s.
- Hallingbäck, T., 1995: Ekologisk katalog över lavar. ArtDatabanken, Sveriges lantbruksuniversitet. 141 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.), 1992: Nordic Macromycetes Vol. 2. Polyporales, Boletales, Agaricales, Russulales. - Nordsvamp, København, 474 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.), 1997: Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphylophoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.), 2000: Nordic Macromycetes Vol. 1. Ascomycetes. Nordsvamp, København, 309 s.
- Höjer J. 1995. Hotade djur og växter i Norden. TemaNord 1995:520. Nordiska ministerrådet.
- Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1995: Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.
- Jordal, J. B., 1997: Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN nr. 6- 1997. 112 s.
- Krog, H., H. Østhagen & T. Tønsberg, 1994: Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.
- Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).
- Moberg, R. & Holmåsén, I., 1986: Lavar. En fälthandbok. Interpublishing, Stockholm. 240 s.
- Moen, A., A. Norderhaug & A. Skogen, 1993: Håndbok for feltregistrering - viktige vegetasjonstyper i kulturlandskapet, Midt-Norge. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning. 48 s.
- Mossberg, B., 1992: Den nordiska floran. Wahlström & Widstrand. 696 s.
- Myklebust, M., 1996: Truede fuglearter i Norge. Norsk Ornitologisk Forening, Rapport nr. 5-1996. 78 s.
- Nedkvitne, J. J., T. H. Garmo & H. Staaland, 1995: Beitedyr i kulturlandskap. Landbruksforlaget. 183 s.
- NIJOS, 1993: Landskapsregioner i Norge. NIJOS, rapport. 51 s.
- Noordeloos, M. E., 1992: Entoloma s.l. Fungi Europaei 5. Saronno, Italia, 760 s.
- Noordeloos, M. E., 1994: Bestimmungsschlüssel zu den Arten der Gattung Entoloma (Rötlinge) in Europa. IHW-Verlag. 85 pp.
- Ryman S. & I. Holmåsén, 1984: Svampar. Interpublishing, Stockholm. 718 s.
- Santesson, R., 1993: The lichens and lichenicolous fungi of Sweden and Norway. SBT-förlaget, Lund. 240 s.
- St. meld. Nr. 42 (2000-2001). Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. Miljøverndepartementet.
- St. meld. nr. 58 (1996-97). Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida.
- Miljøverndepartementet
- Tibell, L., 1999: Caliciales. Nordic Lichen Flora 1:20-94.

## Litteratur som berører Ørskog

Lista nedanfor er eit resultat av søk på kommunenamnet "Ørskog" i litteraturdatabasen for naturen i Møre og Romsdal (eigenutvikla database), noko som gav 360 treff. Dette er dermed ei liste over litteratur som omhandlar eit eller anna forhold som har med naturen i Ørskog å gjera. Berre ein del av titlane er siterte i rapporten. Ein har likevel velt å ta med heile lista, sidan det kan vera av interesse i ulike samanhengar for ettertida.

- Angell-Petersen, I., 1992: Barlind og kristtorn i Vest-Norge. Utkast til verneplan. Direktoratet for Naturforvaltning, rapport 1992-10:1-85.
- Anonym, 2004: Siste nytt. Rallus 32:31-39.
- Aune, B. 1993a: Månedstemperatur 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.6. Statens kartverk.
- Aune, B. 1993b: Årstider og vekstsesong 1:7 mill. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.7. Statens kartverk.
- Bakke, A., 1961: Store ødeleggelser av husbukken i trebygninger i Syd-Norge. Bygg 1961 nr. 10:239-242.
- Balle, O., 1975: Utbredelsen av *Festuca gigantea* i Norge og noen kommentarer om dens økologi, spesielt på Vestlandet. Blyttia 33:207-211.
- Balle, O., 2000: Vegetasjonskartlegginger i Norge. Kartlegginger fordelt på fylke/kommune. 5. utgave. NIJOS-rapport 15/2000. 68 s.
- Berg, R. Y., 1962: Nye utbredelsesdata for norske karplanter. Blyttia 20:49-82.
- Berge, D. & Molvær, J., 2000: Forslag til fremtidig organisering av regional vannovervåking i Møre og Romsdal. NIVA-rapport O-99208, E-20480, 30 s.
- Bevanger, K., 1993: Grevlingens status i Norge 1992. NINA Oppdragsmelding 197: 1-23.
- Bevanger, K. & Ålbu, Ø., 1986: Minken *Mustela vison* i Norge. Økoforsk utredning 1986:6: 1-73.
